



## Møtebok for Kommunestyret i Radøy

**Møtedato:** 07.12.2017  
**Møtested:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 18.30

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Jon Askeland	SP	Medlem
Jostein Borlaug	AP	Medlem
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
Morgan Taule	AP	Medlem
Torill Helland	AP	Medlem
Liv Berit Rath	AP	Medlem
Kenneth Taule Murberg	H	Medlem
Vidar Grindheim	H	Medlem
Normann Sæbø	H	Medlem
Henning Haugland	H	Medlem
Vibeke Angelskår Erstad	H	Varamedlem
Wenche Linda Kalnes Tveranger	FRP	Medlem
Arild Gisle Tveranger	U	Varamedlem
Silje Namtvedt	SP	Medlem
Dag Sætre	SP	Medlem
Anne Berit Bø Palmesen	SP	Medlem
Sara Hamre Sekkingstad	SP	Medlem
Leif Gunnar Taule	SP	Medlem
Martin Soltveit	SP	Medlem
May Britt Vågenes Gjerde	SP	Medlem
Johnny Ystebø	SP	Varamedlem
Agnes Hoshovde Bernes	V	Medlem
David Pletten Aasgard	KRF	Medlem
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Christel Villanger Håland	H	Vibeke Angelskår Erstad - H
Laila Seilfaldet Pletten	SP	Johnny Ystebø - SP
Roy Bø	FRP	Arild Gisle Tveranger – Uavh.
Ståle Villanger	V	

**Andre møtande:** Rådmann Jarle Landås, økonomisjef Sveinung Kvamme i sak 061, rådgjevar kultur Bente K. Hervik i sak 057, møtesekretær Arthur Kleiveland

**Rådmann Alver kommune:** Programansvarleg/rådmann i Alver kommune, Ørjan Raknes Forthun presenterte seg i kommunestyret og orienterte om arbeidet med å bygga ny kommunen.

**Unesco biosfære Nordhordland:** Prosjektleder Kari E. Natland i Nordhordland IKS orienterte i sak 054 – Unesco biosfæreområde Nordhordland.

Ordfører Jon Askeland varsla to endringar i saklista. Meldingssak om Vest brann- og redningsregion blir meldt opp som ekstrasak og meldingssaka vert trekt. Samtidig blir det gjort endring i framlegg til vedtak i sak 058.

Underskrifter:

---

Jon Askeland  
Ordfører

---

Arthur Kleiveland  
møtesekretær

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
<b>053/2017</b>	Meldingar og referatsaker
<b>054/2017</b>	UNESCO biosfæreområde i Nordhordland
<b>055/2017</b>	Fornyng av samarbeidsavtale med Radøy idrettsråd
<b>056/2017</b>	Prioritering av spelemiddelsøknader 2018
<b>057/2017</b>	Kulturminneplan - vedtak
<b>058/2017</b>	Oppnemning av smittevernlege og stadfortredar
<b>059/2017</b>	Tilsyn med sal av tobakkevarer - gebyr for salsstader
<b>060/2017</b>	Utsetjing av allmenn taksering etter eigedomsskattelova
<b>061/2017</b>	Budsjett 2018 og økonomiplan 2018-21
<b>062/2017</b>	Vest brann- og redningsregion - ny drøfting

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
053/2017	Kommunestyret i Radøy	PS	07.12.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	17/2354	17/14753

### Meldingar og referatsaker

#### Saksopplysingar:

Det vert lagt fram følgjande meldingar og referatsaker:

- Kontrollutvalet - møteutskrift 15. november 2017
- Vest brann- og redningsregion - ny drøfting \_sak i formannskapet 23\_nov\_2017
- Innkjøpsavtale med Aufera AS
- Fellesnemnd for Alver kommune nøtebok 06.11.2017
- Møteplan 1. halvår 2018

#### Framlegg til vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering

#### Kommunestyret i Radøy - 053/2017

##### **KS - handsaming:**

##### Vest brann- og redningsregion:

Ordføraren meldte at denne meldingssaka går ut, og at den i staden blir ført opp som ekstrasak i kommunestyret.

##### Kommunedelplan for Bø:

Ordføraren orienterte kort frå folkemøte om kommunedelplan på Bø.

##### Ordføraren sette fram følgjande framlegg:

Høyringsperioden for kommunedelplan Bø får utsett frist til 15. januar 2018.

Kommunestyret vedtok samrøystes ordføraren sitt framlegg.

##### Innkjøpsavtale Aufera as:

På bakgrunn av KS-vedtak i sak om tertialmelding, legg formannskapet fs-vedtak om innkjøpsavtale med Aufera as fram som meldingssak i kommunestyret. Ordføraren viste til at formannskapet ønskjer å få kommunestyret si avklaring på kva som er det rette nivået for sakshandsaming og politisk behandling av slike avtalar.

Leif Taule (Sp) meiner det er riktig at innkjøpsavtalen med Aufera kjem til politisk behandling og kunnskap. Han ser det som viktig at politisk nivå vert informert om ein del innkjøpsavtalar, og at det kan vera aktuelt med eit avsnitt om dette i årsmeldinga. Samtidig peika Taule på at det er viktig at administrasjonen ikkje får mykje ekstraarbeid med å saksbehandla innkjøpsavtalar for politisk nivå. Han sa at kommunen må ha eit auge til lokalt næringsliv når innkjøpsavtalar skal inngåast.

##### Ny rådmann/programansvarleg Alver:

Programansvarleg/rådmann i Alver kommune, Ørjan Raknes Forthun, presenterte seg i kommunestyret og orienterte om det omfattande arbeidet knytt til bygging av kommune. Han

understreka at den vedtekne intensjonsavtalen er eit levande dokument som vert lagt til grunn i dei ulike prosessar med å rigga ny kommune. Forthun viste til at styringsdokumentet er vedteke, som er ein marsjordre for prosjektet. Han viste til at det vil vera tett opp under 100 hovud- og delprosjekt i samband på vegen fram mot ny kommune frå 1.1.2020.

Kommunestyret tok meldingar og referatsaker til orientering, med dei tillegg som kom fram i møtet.

**KS - vedtak:**

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering.

**Vedlegg:**

Møteutskrift kontrollutvalet Radøy \_ 15\_11\_2017

Vest brann- og redningsregion - ny drøfting \_sak i formannskapet 23\_nov\_2017

Innkjøpsavtale med Aufera AS (147059)

FN møtebok 06.11.2017 (146801)

MØTEPLAN 1. halvår 2018\_\_\_

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
054/2017	Kommunestyret i Radøy	PS	07.12.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
	17/1032	17/14698

## UNESCO biosfæreområde i Nordhordland

### Saksopplysingar:

#### Kort om saka


I juni 2013 inngjekk Regionrådet i Nordhordland og Universitetet i Bergen (UiB) ein samarbeidsavtale om å arbeida for at Region Nordhordland skal bli eit UNESCO Biosfæreområde. Arbeidet starta med ein forprosjektstudie som viste korleis Nordhordland kunne fylla krava som UNESCO set til slike område.

Våren 2015 vart alle kommunane samde om å fremja Nordhordland sitt kandidatur til å bli det første UNESCO Biosfæreområdet i Norge. Søknaden vart innvilga av den norske komiteen for programmet «Menneske og Biosfære» (MAB). Tilbakemeldingane frå dei og UNESCO sin administrasjon i Paris, er at Nordhordland fyller alle kriteria som er sett til ein slik status. Regionen er ein nytenkande og spennande kandidat med sær mange gode kvalitetar til å vera eit biosfæreområde. Vårt kandidatur har vekt stor interesse og begeistring også internasjonalt innan MAB-programmet. Tidlegare i år vart biosfæreprosjektet presentert i Nordhordlandstinget.

Nordhordland Utviklingsselskap IKS har samarbeidd med UiB om biosfæresatsinga. Det vart etablert eit prosjekt og oppnemnt styringsgruppe og arbeidsgruppe. Styringsgruppa har hatt som oppgåve å sikra målstyring, innhald og framdrift i prosjektet, medan arbeidsgruppa har arbeidd med hovudsøknaden, informasjonsarbeid og gjennomført aktivitetar i perioden.

Forprosjektarbeidet er finansiert av kommunane i Nordhordlandsregionen og UiB. Staten ved Den Norske Unesco-kommisjonen, har òg bidrege økonomisk. Det same gjeld det lokale næringslivet i regionen. Prosjekteigar er Regionrådet i Nordhordland, som representerer 9 kommunar.

Nordhordland Biosfæreområde vil omfatta alle kommunane i Region Nordhordland, samt Øygarden kommune og mindre delar av kommunane Vaksdal, Voss, Vik og Høyanger. Geografisk vil Nordhordland Biosfæreområde strekkja seg frå Sognefjorden, opp i Stølsheimen, ut fjordane til kysten og deler av havområda utanfor.



*Den stipla lina viser det tenkte Biosfæreområdet.*

#### Hovudmålet for biosfære-satsinga er:

«Nordhordland Biosfæreområde skal byggja på det beste frå fortida og leggja til rette for ei framtidretta samfunnsutvikling som sikrar ein berekraftig bruk av alle typar ressursar - til nytte og glede for befolkninga i dag og for komande generasjonar.»

UNESCO sitt «Mennesket og Biosfæreprogram» (MAB) er no ei nasjonal satsing i Norge og Nordhordland vart i desember 2016 utnemnd som Norge sin første kandidat. Ein slik status gir særlege mogelegheiter for regionen. Det er no eit nasjonalt fokus på satsinga og komiteen har uttala at det er særst viktig at det første kandidaturet Norge fremjar til UNESCO vert vellukka.

Men det viktigaste er sjølvstakt kva satsinga vil bety for Nordhordland i framtida. Kort fortalt skal eit biosfæreområde vera eit godt døme for berekraftig utvikling. Det er lagt rammer for kva eit biosfæreområde skal innehalda, men vi står relativt fritt til å forma strategien for biosfæreområdet i Nordhordland. Grunntanken i UNESCO er at MAB-programmet skal bygga eit internasjonalt nettverk av regionar som ønskjer ei meir berekraftig samfunnsutvikling. Dette inneber nye og betre måtar å nytta ressursane på.

Etter handsaming i kommunane går søknaden frå Nordhordland vidare til den norske MAB-komiteen og til nasjonale myndigheiter v/ Klima og Miljødepartementet. Regjeringa sender inn søknaden frå Norge til UNESCO i september 2018, og Nordhordland vert utpeikt som eit UNESCO Biosfæreområde våren 2019.

#### I saksutgreiinga finn du informasjon om:

- Plikter
- Moglegheiter
- Organisering av biosfæreområdet
- Økonomiske konsekvensar av satsinga (2019-2021)

Saksutgreiinga er felles for kommunane, men inneheld også spesifikk informasjon som gjeld den enkelte kommune. Framlegg til vedtak er likelydande.

#### **Plikter**

Kva er det området forpliktet seg til ved denne satsinga? Først og fremst handlar dette om at området skal leggja til rette for ei samfunnsutvikling som sikrar berekraftig bruk av ressursane

våre. Vi skal syta for at dei kommande generasjonar vil synast det er like godt å bu i Nordhordland som det vi gjer i dag. Det vil vera FN sine 17 berekraftsmål som er grunnlaget for arbeidet vi skal gjera.

Det er viktig å påpeika at status som UNESCO biosfæreområde **ikkje fører til restriksjonar i bruk eller utnytting av ressursane i regionen. Der er ingen nye lover og reglar som trer i kraft.** Men det ligg ei plikt til å arbeida for ei berekraftig utvikling og bidra til at Region Nordhordland står fram som eit eksempel på berekraft i alle deler av samfunnet.

Forprosjekt-søknaden som vart handsama i kommunestyra hausten 2014 tok for seg kriterielista til UNESCO og viste korleis området stettar krava på ein framifrå måte;

- *Eit levande samfunn med ei befolkning som bur og driv med ulike typar ressursutnytting / næringsverksemd. Området må verte stort nok til å ivareta, støtte og utvikle området.*  
Med ei befolkning på om lag 53 000, med levande lokalsamfunn og med eit godt næringsgrunnlag, er dette kravet stetta.
- *Området skal ha landskap og/eller sjøområde med høge natur- og kulturverdiar og verdifulle ressursar.*  
Vårt område strekkjer seg med korte avstander frå hav til fjell med ein sterk klimagradiant som er sjeldan i verdssamanheng. Vår kulturarv er sterk og kulturlivet blomstrar i lokalsamfunna.
- *Området skal vere relevant for å utforske og demonstrere ulike problemstillingar knytt til berekraftig utvikling.*  
Vi har eit tett samarbeid med Universitetet i Bergen (UiB) for forskning i området. UiB har fått tildelt UNESCO Chairs for forskning innan MAB-programmet.
- *Biosfæreområdet skal ha ei organisering og drift som er inkluderande.*  
Før Region Nordhordland vert utnemnd til biosfæreområde skal vi utarbeida ein strategi for arbeidet. Det vert lagt opp til ein inkluderande prosess. Strategien legg føringar for tenleg organisering og drift.

I tillegg er det krav til at området skal innehalda verneområde. Innanfor biosfæreområdet er det 42 verna område. Fire av desse er tatt ut til å representera kjerneområda i biosfæreområdet. Dette er Stølsheimen, den nasjonale laksefjorden v/Osterøy, Loneelvi og Lurefjorden. Det er også eit krav at kvar av kjerneområda skal ha ei buffersoner rundt seg. Buffersonene baserer seg på forskrifter som gjeld i området – og representerer ikkje nokon restriksjonar utover eksisterande forskrifter. Sonene som gjeld Radøy kommune vert omtala her.

### **Lurefjorden**

I Radøy kommune er Lurefjorden peikt ut som kjerneområde, under føresetnad av at Lurefjorden vert verna slik Fylkesmannen i Hordaland har tilrådd. Vernesaka (Marin verneplan) er til handsaming i Miljødirektoratet og skal til endeleg avgjerd i Klima- og Miljødepartementet. Fjordbassenget med det marine miljøet er så unikt at Lurefjorden sidan 1995 har vore eitt av dei høgast rangerte kystfarvatn i Norge for marint vern. Det er primært dyrelivet på botnen som er verna i planforslaget. Lurefjorden er også eit særst naturvakkert område. Sjøreisa frå Isdal til Vardetangen er så rik på natur- og kulturhistoriske attraksjonar at Riksantikvaren i 2016 utnemnde Lurefjorden med landskapet omkring som "Kulturlandskap av nasjonal interesse".

Buffersona skal sikra at Lurefjorden ikkje vert utsett for forureining. Sona baserer seg på lokal forskrift for utslepp av sanitært avløpsvatn frå bustader og fritidsbustader. Denne er under arbeid og er planlagt vedteke av kommunane rundt fjorden i løpet av 2018. I tillegg har Radøy kommune lenge hatt fokus på å minimalisera forureining til Lurefjorden gjennom vedtaket gjort i kommunestyret 2. september 2010, sak. 046/10: "Lokal forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg for Radøy



kommune”.



Det mørkeblå feltet er det føreslegne verna området (i Marin verneplan) som utgjør kjernesona i biosfæreområdet. Det lysegrøne feltet er buffersona.

### Den nasjonale laksefjorden

I tillegg har Radøy kommune ei buffersone for den nasjonale laksefjorden: Radfjorden og Alverstraumen. I denne buffersona er målsettinga å sikra smolten sin vandringsveg frå kjernesona og ut til oppe hav. Buffersona er basert på Mattilsynet si gjeldande forskrift på at fiskeoppdrettsanlegga langs svømmeruta er forplikta til å sikra låg luspopulasjon i den perioden smolten passerer.

Fjordane rundt Osterøy vart etablert som nasjonale laksefjordar ved St. prp. nr. 32 (2006-2007): «Om vern av villaksen og ferdigstilling av nasjonale laksevasdrag og laksefjorder».

I dei mange vassdraga finst fleire lokale stammer av sjøaure og laks. Vossolaks-stammen er internasjonalt kjend som den største laksen i Atlanterhavet. Etter sterk nedgang i talet på Vossolaks er det no sett i kraft ei rekke tiltak for å reetablere bestanden. Buffersona vert forankra i det langvarige samarbeidet som er formalisert gjennom tiltaksutvalet i «Redningsaksjonen for Vossolaksen». Her er representantar frå forvaltning, næringsinteresser, forskning og lokale kreftar inkludert i utvalet og i arbeidet med å redde Vossolaksen. I denne samanhengen vert særskild samarbeidet med BKK og dei ulike oppdrettsanlegga om tiltak for ein vellukka redningsaksjon, vektlagt.

Dette kjerneområde med tilhøyrande buffersone er del av ein heilskapleg strategi, med bidrag frå næringslivet og forskning, som gjev laksestammene ei særskild trygging på både gyte- og oppvekstområda i elvane, og i vandringsområda i fjordane.



Det mørkeblå feltet er den nasjonale laksefjorden som er ei kjernesone i biosfæreområdet. Det blågrøne feltet viser buffersona.

## Moglegheiter

Kvifor skal Nordhordland vera eit UNESCO Biosfæreområde – kva nytte kan vi ha av det – kva moglegheiter gjev det oss?

Styringsgruppa har sett opp ti punkt som viser at området vil vera tent med å få denne statusen.

- 1. Statusen vil gje oss ein 'motor' for gjennomføring av FN sine berekraftsmål i regionen.**  
Biosfæreprosjektet kan bli eit viktig verktøy for gjennomføring av FN sine berekrafts-mål i Nordhordlandsregionen og vil ta ei særleg rolle for informasjon til og utvikling av aktivitetar for born og unge. Ut frå Stortingsmelding nr. 29 (Perspektivmeldingen 2017) har regjeringa bestemt at berekraftsmåla skal vera styrande for verksemda i Norge.
- 2. Fokus på ei heilskapleg samfunnsutvikling der vi i større grad sikrar biologisk mangfald, berekraftig bruk av naturressursane og fremjar lokal kultur.**
- 3. Gjennom å vera eit biosfæreområde skal vi gjera innbyggjarane meir bevisste, deltakande og engasjerte - slik at dei i større grad tek ansvar for og kontroll over eiga utvikling.**  
Biosfæreprosjektet vil trekka flest mogleg med i arbeid og aktivitet gjennom informasjon, kontaktskapande verksemd og samarbeidsprosjekt.
- 4. Satsinga gjev oss eit naturleg høve til å auka lokal matproduksjon ved å nytta naturressursane på land og i sjø på ein meir berekraftig måte.**  
Biosfæreprosjektet ønskjer å auka graden av lokal matproduksjon både fordi dette gjev tilgang til matvarer med høg kvalitet og fordi ei slik utnytting bidreg til større bevisstheit om eigne ressursar og eigen identitet.
- 5. Som eit biosfæreområde er det naturleg å vidareutvikla lokale strategiar og engasjement for å redusera menneskeskapte klimaendringar.**  
Vi ser i dag følgjene av klimaendringane gjennom meir ekstremvêr på Vestlandet. Vi set fokus på behovet for informasjon og lokale tiltak for eit breitt samarbeid både med grasrota og store næringslivsaktørar.
- 6. Ei slik satsing skal bidra til auka innovasjon og grøen næringsutvikling.**  
Dei store oljeressursane utanfor kysten har skapt mange arbeidsplassar og stor verdiskaping i Nordhordland. På sikt er det venta ein nedgang i denne aktiviteten og det er trong for nytenking og omstilling. Gjennom biosfæresatsinga får vi tilgang til fleire verktøy i arbeidet med å fremja endring til eit grøenare næringsliv.
- 7. Nordhordland Biosfæreområde skal bidra til å utvikla berekraftig turisme i regionen.**  
Frå andre biosfæreområde rundt om i verda ser vi at dei har klart å byggja opp ei sterk reiselivssatsing. Nordhordland har eit stort potensiale for utvikling av reiselivet – knytt til aktivitetar både langs kysten og i fjellet.
- 8. Biosfærestatusen gjev grunnlag for merkevare- og identitetsbyggande arbeid.**  
Nordhordland er ein solid industriregion med lange tradisjonar og ein sterk lokal kultur. Likevel har det vore vanskeleg å byggja opp ei tydeleg merkevare knytt til regionen sin identitet. Biosfærestatusen kan nyttast til å tydeleggjera området og setja regionen vår på kartet.
- 9. Området får eit tettare samarbeid mellom samfunnet og forskings- og**

### **utdanningsinstitusjonar for å sikra at utviklinga vert basert på kunnskap.**

Biosfæresatsinga i Nordhordland er eit samarbeid mellom kommunane og Universitetet i Bergen. Den vidare utviklinga forutset at dette samarbeidet vart oppretthalde og utvikla vidare til å omfatta også andre lokale, nasjonale og internasjonale universitet og forskingsinstitusjonar. Biosfærestatusen skal bidra til ei kompetanseoppbygging som svarar til regionen sine utfordringar og behov.

### **10. Gjennom Nordhordland Biosfæreområde skal regionen kunne utvikla og nytta eit verdsomspennande internasjonalt nettverk og arbeida aktivt for at erfaringane vi gjer lokalt skal delast med andre tilsvarande regionar nasjonalt og internasjonalt.**

Det er nær 700 biosfæreområde verda over og det går føre seg ei omfattande kunnskapsutveksling mellom desse – på alle nivå i samfunnet. Vi får tilgang til eit internasjonalt nettverk både direkte gjennom MAB-programmet og indirekte gjennom samarbeid med forskings- og utdanningsinstitusjonane.

### **Organisering**

I løpet av 2018 må vi leggja til rette for eit breitt arbeid for å konkretisera måla og utvikla aktivitetar som skal knytast til biosfærestatusen. Her må kommunane, næringslivet, lag/organisasjonar og andre aktuelle samfunnsbyggjarar ta del i arbeidet og sikra eit solid resultat som gjev grunnlag for arbeidet i dei første åra etter at biosfærestatusen er på plass. Framtidig organisering av biosfæresatsinga heng saman med dei arbeidsoppgåvene som biosfæreområdet skal ha og endeleg organisasjonsstruktur skal utarbeidast i den planlagde strategiprosessen.

Til no har biosfæreprosjektet bygd på ein samarbeidsavtale frå 2013 mellom Regionrådet i Nordhordland og Universitetet i Bergen om utvikling av søknad om biosfærestatus og om eit framtidig forskingssamarbeid innan biosfæreområdet. Alle kommunane som er knytt til Regionrådet i Nordhordland har tatt del i satsinga. Dette er kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy. I tillegg til desse, er også Øygarden og delar av kommunane Vaksdal, Voss, Vik og Høyanger del av prosjektet.

#### Praktisk har organiseringa vore slik:

- Kommunane i Nordhordland har vore overordna eigarar av biosfæreprosjektet og Regionrådet i Nordhordland prosjekteigar.
- Administrasjonen til Regionrådet i Nordhordland, Nordhordland Utviklingselskap IKS (NUI) har prosjektansvaret i søknadsperioden. NUI har sett ned ei arbeidsgruppe for prosjektarbeidet. Denne har eigen administrasjon og fagleg representant frå UiB.

I tillegg ekstern konsulent.

- Ei styringsgruppe for prosjektet har fungert sidan 2013. Den har vore sett saman av ordførarar (3), og representantar frå Hordaland fylkeskommune, Fylkesmannen i Hordaland, Universitetet i Bergen, næringslivet og lag / organisasjonar.

Den endelege forvaltnings- og organisasjonsstrukturen vil som nemnd bli bestemt i samband med utvikling av strategi for biosfæreområdet. Dette vil skje i løpet av 2018 og 2019. Styringsgruppa for biosfæreprosjektet har peika på følgjande punkt som viktige for organisering av biosfæreområdet:

- Organiseringa av Nordhordland Biosfæreområde må sjåast i direkte samband med dei oppgåver og den funksjon biosfæreområdet skal ha. Før endeleg organisasjonsform vert bestemt, skal føremål og vedtekter for organisasjonen på plass.

- Organisasjonsmodellen må ikkje låsa oss til ei organisasjonsform som vi ikkje er tent med over tid. Den bør vera dynamisk slik at den kan tilpassast ulike framtidige scenario.
- Det er viktig med stor openheit og at alle (særleg lag og organisasjonar) vert inkludert i styring av biosfæreområdet.

### **Økonomiske konsekvensar – Årleg budsjett frå 2019 - 2021**

Budsjettframlegget må sjåast i samanheng med dei arbeidsoppgåver som vert lagt til biosfæreprosjektet slik det er skissert under dei 10 punkta ovanfor. Dette vil bli tydelegare når den endelege strategien for biosfæreprosjektet er på plass, når det er bestemt kva aktivitetar som skal leggst til satsinga og ein har valt ei høveleg organisasjonsform.

I budsjettet er det lagt opp til tre årsverk i biosfæreprosjektet. Det er også lagt inn kostnader til informasjonsarbeid og møteverksemd. Ein viktig del av arbeidet er å vera med å ta initiativ til, eller bidra til, tenlege prosjekt for biosfæresatsinga. Prosjekt som vert sett i gang i tilknytning til biosfæreområdet, må finna si eige finansiering utanom budsjettet.

I fordelinga mellom kommunane (dei kommunane som er innan biosfæreområdet med heile kommunen) legg vi til grunn slik fordelinga har vore; 50% er ein fast grunnsum og 50% er delt etter folketal. Fordelinga må vurderast til budsjettet i 2020 – etter kommunesamanslåinga.

Kostnader		
Prosjektadministrasjon (3 årsverk)		2 350 000
Arbeid frå styringsgruppa / kommunane		250 000
Ekstern ekspertise		100 000
Møter / seminarer		150 000
Informasjonsarbeid		100 000
Reiser		100 000
Diverse		50 000
<b>Totale kostnader</b>		<b>3 100 000</b>
Inntekter		
Kommunane i biosfæreområdet		600 000
Eigeninnsats, styringsgruppa, kommunane		250 000
Universitetet i Bergen		300 000
Hordaland Fylkeskommune		200 000
KMD / statleg programfinansiering		1 500 000
Næringsliv / Sponsorar		250 000
<b>Totale inntekter</b>		<b>3 100 000</b>

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Radøy kommune støttar Region Nordhordland sitt kandidatur til å bli eit UNESCO Biosfæreområde. Kommunen forpliktar seg, i samarbeid med dei andre kommunane i regionen, å finansiera sin rettmessige del for første fase av biosfæreområdet si verksemd - innanfor den ramma som er sett i budsjettet for perioden 2019 – 2021.

### **Kommunestyret i Radøy - 054/2017**

#### **KS - handsaming:**

Ordførar Jon Askeland understreka at eit Unesco biosfæreområde i Nordhordland er eit

"moglegheits-prosjekt" og ikkje eit tvangs- eller verneprosjekt. Han viste til FN sine 17 berekraftsmål og peika på at desse måla inngår i biosfæreprosjektet.

Prosjektleiari Kari Evensen Natland orienterte om prosjektet og svarta på spørsmål. Ho sa at Nordhordland no vil bli Norges første kandidat til å bli eit biosfære-område.

Natland presiserte at Unesco ikkje stiller krav til verneområde, og sa at verneområda som blir med i biosfæreområdet Nordhordland er område som alt er verna - ein biosfære-status vil ikkje avgjera kva som blir verna. Ho framheva kva denne statusen kan medføre av aktivitet og arbeidsplassar, og trekte mellom anna fram auka satsing på turisme, "grøn" industri og moglegheitene som vil liggja i forskning.

Kenneth Taule Murberg (H) sa at han ikkje trur på at biosfære-statusen vil gje regionen gode bumiljø, arbeidsplassar og stor auke i turisme. Han meiner prosjektet er for lite konkret. Han meiner eit biosfære-område i Nordhordland vil innebera forsterka vern. Han signalerte at han ville stemma i mot at kommunen skal støtta ein søknad om at Nordhordland skal bli UNESCO biosfæreområde.

Silje Namtvedt (Sp) viste til biosfære-område i Sverige som ser ut til å ha gode erfaringar og fått gode resultatet av å vera med.

Morgan Taule (Ap) støttar prosjektet, og sa at han ser moglegheitene, mellom anna til å få utvikla "alternativ" industri".

Arild Tveranger (uavh.) peika også på ei frykt for at eit biosfæreområde kan få negative konsekvensar for grunneigarar og deira rettar.

Sara Sekkingstad Hamre (Sp) sa at det er viktig å ha fokus på ei berekraftig utvikling og trur biosfæreområdet vil vera positivt for turisme i Nordhordland.

Agnes Hoshovde Bernes (V) sa at prosjektet er positivt for Nordhordland, og for dei generasjonane som kjem etter oss.

Kommunestyret vedtok rådmannen sitt framlegg med 14 (6 Sp, Ap, KrF, V) mot 10 røyster (H, Frp, 1 uavhengig - Arild Tveranger, 3 Sp - Martin Soltveit, Dag Sætre, Johnny Ystebø).

### **KS - vedtak:**

Radøy kommune støttar Region Nordhordland sitt kandidatur til å bli eit UNESCO Biosfæreområde. Kommunen forpliktar seg, i samarbeid med dei andre kommunane i regionen, å finansiera sin rettmessige del for første fase av biosfæreområdet si verksemd - innanfor den ramma som er sett i budsjettet for perioden 2019 – 2021.

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
068/2017	Formannskapet i Radøy	PS	09.11.2017
055/2017	Kommunestyret i Radøy	PS	07.12.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Bente Kopperdal Hervik	17/1103	17/12950

### Fornyng av samarbeidsavtale med Radøy idrettsråd

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

Radøy kommune og Radøy idrettsråd underteikna samarbeidsavtale 24. mars 2011. Etter initiativ frå Radøy idrettsråd vert revidert forslag til samarbeidsavtale lagt fram for politisk handsaming.

##### Vurdering

Samarbeidsavtalen som vart underteikna har fungert som eit godt og forpliktande grunnlag for samarbeidet mellom Radøy kommune og Radøy idrettsråd. Administrasjonen i Radøy kommune og idrettsrådet har også utarbeidd eit årshjul som set samarbeidet, slik det er nedfelt i avtalen, inn i faste rammer.

Bakgrunnen for at idrettsrådet ynskjer at samarbeidsavtalen skal reviderast, er den komande kommunesamanslåinga. Idrettsrådet ynskjer å verta inkluderte tidleg i denne prosessen for å sikra idretten i Radøy sine interesser inn i ein ny kommune, og har bede om at dette vert tatt inn i avtalen. Radøy, Lindås og Meland kommunar svært ulike når det gjeld bygging og drift av idrettsanlegg. I Lindås kommune er dei største idrettsanlegga eigd av kommunen. I Meland og Radøy er derimot dei fleste større idrettsanlegga eigd og drifta av idrettslaga. Nivået på støtte til idrettslaga og anlegga er også svært ulike i dei tre kommunane. Dette er viktige problemstillingar inn mot kommunesamanslåinga, og rådmannen støttar difor idrettsrådet sitt ynskje om å få med i avtalen at idrettsrådet skal involverast i saker som gjeld idretten inn mot kommunesamanslåinga.

Utkastet til avtale som vert lagt fram er i all hovudsak lik eksisterande avtale. Foreslåtte endringar er markerte med gul skrift i utkastet til revidert samarbeidsavtale.

##### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune er positiv til å underteikna revidert samarbeidsavtale med Radøy idrettsråd. Ordføraren får fullmakt til å underteikna avtalen slik den ligg føre.

#### Formannskapet i Radøy - 068/2017

##### FS - handsaming:

Leiar i Radøy idrettsråd, Bjørn Ove Myking, gav uttrykk for at samarbeidsavtalen har vore positiv sett med idretten sine auge. Han sa at dialogen med kommunen er god. Idretten har ein kanal inn til kommunen også med prioriteringar av investeringar på anleggssektoren. Leiaren i idrettsrådet understreka idretten sitt behov for å verta trekt med i prosessar knytt til Alver kommune. Idrettsrådet ynskjer å verta inkluderte tidleg i denne prosessen for å sikra idretten i Radøy sine

interesser inn i ein ny kommune, og har bede om at dette vert tatt inn i avtalen.

Ordførar Jon Askeland peika på at Radøy kommune var først ute med samarbeidsavtale med idrettsrådet. Han rosa idrettsrådet for å ha arrangert kurs og seminar med aktuelle tema som mobbing og rein idrett for ungdomsskule-elevar, trenar, idrettsleiarar og andre interesserte.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**FS - vedtak:**

Radøy kommune er positiv til å underteikna revidert samarbeidsavtale med Radøy idrettsråd. Ordføraren får fullmakt til å underteikna avtalen slik den ligg føre.

**Kommunestyret i Radøy - 055/2017**

**KS - handsaming:**

Leiar i Radøy idrettsråd, Bjørn Ove Myking, sa at samarbeidsavtalen har fungert etter intensjonen, og viste til at det har vore eit godt samarbeid med administrasjonen og politikarane. Han peika på at endringa i samarbeidsavtalen er basert på at idrettsrådet på eit tidleg tidspunkt vil vera med i prosessen med å bygga ny kommune. Mellom anna peika han på arbeidet med å finna fram til felles løysingar for idrettssektoren.

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapstilrådinga.

**KS - vedtak:**

Radøy kommune er positiv til å underteikna revidert samarbeidsavtale med Radøy idrettsråd. Ordføraren får fullmakt til å underteikna avtalen slik den ligg føre.

**Vedlegg:**

Samarbeidsavtale mellom Radøy kommune og Radøy idrettsråd  
Stadfesta samarebeidsavtale (L)(173164)

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
072/2017	Formannskapet i Radøy	PS	23.11.2017
056/2017	Kommunestyret i Radøy	PS	07.12.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Bente Kopperdal Hervik	17/406	17/13882

### Prioritering av spelemiddelsøknader 2018

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

Alle innkomne spelemiddelsøknader skal prioriterast gjennom politisk fatta vedtak og i samsvar med Radøy kommune sin *kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2016-2026* og handlingsplanen som vart rullert i 2017 (kommunestyret sak 038/2017).

Det er til sendt inn eller meldt inn åtte spelemiddelsøknader på ordinære anlegg og fem søknader på nærmiljøanlegg. Rådmannen har prioritert søknadene i tråd med handlingsplanen. Idrettsrådet har hatt prioriteringa av søknader på høyring, og er samd med rådmannen sitt forslag til prioritering.

#### Vurdering

##### Prioritering ordinære anlegg

Pri.	Anlegg	Søkjær	Søknadssum	Status
1.	Skytebane Haukåsen, (100 m riflebane)	Radøy skyttarlag	Kr 575 000	Fornya søknad
2.	Radøyhallen, golv	Radøy kommune	?	Fornya søknad
3.	Grønålen, kunstgrasbane	Manger IL	Kr 1 000 000	Fornya søknad
4.	Hordabø, lysanlegg	Hordabø IL	Kr 300 000	Fornya søknad
5.	Radøyhallen, lager	Radøy kommune	?	Ny søknad
6.	Radøyhallen, rehabilitering	Radøy kommune	?	Ny søknad
7.	25 meter presisjon pistolbane med støydempa standplassbygg	Nordhordland pistolklubb	Kr 658 000	Ny søknad
8.	Toalettbygg – Nesvatnet	Radøy kommune	?	Ny søknad

Dei anlegga der det står spørsmålsteikn på søknadssumen er søknader som er meldt inn, men ikkje motteke til no. Det same gjeld under nærmiljøanlegg.



## Prioritering nærmiljøanlegg

Prioritering	Anlegg	Søkjar	Søknadssum	Status
	Klatreanlegg – Sæbø skule	Radøy kommune	?	Fornya
	Fleirbruksflate – Sæbø skule	Radøy kommune	?	Fornya
	Bocciabane – Grønålen	Manger IL	Kr 116 000	Ny
	Gapahuk – Nesvatnet	Radøy kommune	?	Fornya
	Balanseline – Radøy ungdomsskule	Radøy kommune	?	Fornya

## Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune prioriterer spelemiddelsøknadene for søknadsrunde 2018 slik:

## Ordinære anlegg

Pri.	Anlegg	Søkjar	Søknadssum	Status
1.	Skytebane Haukåsen, (100 m riflebane)	Radøy skyttarlag	Kr 575 000	Fornya søknad
2.	Radøyhallen, golv	Radøy kommune	?	Fornya søknad
3.	Grønålen, kunstgrasbane	Manger IL	Kr 1 000 000	Fornya søknad
4.	Hordabø, lysanlegg	Hordabø IL	Kr 300 000	Fornya søknad
5.	Radøyhallen, lager	Radøy kommune	?	Ny søknad
6.	Radøyhallen, rehabilitering	Radøy kommune	?	Ny søknad
7.	25 meter presisjon pistolbane med støydempa standplassbygg	Nordhordland pistolklubb	Kr 658 000	Ny søknad
8.	Toalettbygg – Nesvatnet	Radøy kommune	?	Ny søknad

## Nærmiljøanlegg

Prioritering	Anlegg	Søkjar	Søknadssum	Status
	Klatreanlegg – Sæbø skule	Radøy kommune	?	Fornya
	Fleirbruksflate – Sæbø skule	Radøy kommune	?	Fornya
	Bocciabane – Grønålen	Manger IL	Kr 116 000	Ny

	Gapahuk – Nesvatnet	Radøy kommune	?	Fornya
	Balanseline – Radøy ungdomsskule	Radøy kommune	?	Fornya

### **Formannskapet i Radøy – 072/2017**

#### **FS – handsaming:**

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

#### **FS – vedtak:**

Radøy kommune prioriterer spelemiddelsøknadene for søknadsrunde 2018 slik:

#### **Ordinære anlegg**

Pri.	Anlegg	Søkjjar	Søknadssum	Status
1.	Skytebane Haukåsen, (100 m riflebane)	Radøy skyttarlag	Kr 575 000	Fornya søknad
2.	Radøyhallen, golv	Radøy kommune	?	Fornya søknad
3.	Grønålen, kunstgrasbane	Manger IL	Kr 1 000 000	Fornya søknad
4.	Hordabø, lysanlegg	Hordabø IL	Kr 300 000	Fornya søknad
5.	Radøyhallen, lager	Radøy kommune	?	Ny søknad
6.	Radøyhallen, rehabilitering	Radøy kommune	?	Ny søknad
7.	25 meter presisjon pistolbane med støydempa standplassbygg	Nordhordland pistolklubb	Kr 658 000	Ny søknad
8.	Toalettbygg – Nesvatnet	Radøy kommune	?	Ny søknad

#### **Nærmiljøanlegg**

Prioritering	Anlegg	Søkjjar	Søknadssum	Status
1.	Klatreanlegg – Sæbø skule	Radøy kommune	?	Fornya
2.	Fleirbruksflate – Sæbø skule	Radøy kommune	?	Fornya
3.	Bocciabane – Grønålen	Manger IL	Kr 116 000	Ny
4.	Gapahuk – Nesvatnet	Radøy kommune	?	Fornya
5.	Balanseline – Radøy ungdomsskule	Radøy kommune	?	Fornya

## Kommunestyret i Radøy – 056/2017

### **KS – handsaming:**

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapstilrådinga.

### **KS – vedtak:**

Radøy kommune prioriterer spelemiddelsøknadene for søknadsrunde 2018 slik:

#### **Ordinære anlegg**

Pri.	Anlegg	Søkjjar	Søknadssum	Status
1.	Skytebane Haukåsen, (100 m riflebane)	Radøy skyttarlag	Kr 575 000	Fornya søknad
2.	Radøyhallen, golv	Radøy kommune	?	Fornya søknad
3.	Grønålen, kunstgrasbane	Manger IL	Kr 1 000 000	Fornya søknad
4.	Hordabø, lysanlegg	Hordabø IL	Kr 300 000	Fornya søknad
5.	Radøyhallen, lager	Radøy kommune	?	Ny søknad
6.	Radøyhallen, rehabilitering	Radøy kommune	?	Ny søknad
7.	25 meter presisjon pistolbane med støydempa standplassbygg	Nordhordland pistolklubb	Kr 658 000	Ny søknad
8.	Toalettbygg – Nesvatnet	Radøy kommune	?	Ny søknad

#### **Nærmiljøanlegg**

Prioritering	Anlegg	Søkjjar	Søknadssum	Status
1.	Klatreanlegg – Sæbø skule	Radøy kommune	?	Fornya
2.	Fleirbruksflate – Sæbø skule	Radøy kommune	?	Fornya
3.	Bocciabane – Grønålen	Manger IL	Kr 116 000	Ny
4.	Gapahuk – Nesvatnet	Radøy kommune	?	Fornya
5.	Balanseline – Radøy ungdomsskule	Radøy kommune	?	Fornya

#### **Vedlegg:**

Prioritering av søknader om spelemidlar 2018

Rullering av handlingsplan i kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2016-2026  
handlingsplan 2017

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
074/2017	Formannskapet i Radøy	PS	23.11.2017
057/2017	Kommunestyret i Radøy	PS	07.12.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Bente Kopperdal Hervik	14/1513	17/13804

### Kulturminneplan - vedtak

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

Formannskapet la utkast til kulturminneplan ut på høyring og offentleg ettersyn i møte 7. september, sak 048/2017, med høyringsfrist 22. oktober. Høyringa har vore kunngjort i lokalavisene, på nettsidene, facebook og i brev til alle eigarar av kulturminne som er foreslått i verneklasse A. 3. oktober vart det arrangert høyringsmøte for planen.

Det kom 16 skriftlege innspel til høyringsutkastet.

##### Vurdering

I framlegget til sak om høyring (formannskapet sak 048/2017), vart denne saksorienteringa gjeve: «Det er eit ynskje frå Riksantikvaren å styrka kompetansen om kulturminne i kommunane og få betre oversikt over verneverdige kulturminne. Dei har difor definert ei målsetjing om at 90 % av kommunane skal ha ein kulturminneplan innan 2020. I tråd med dette er det stadig fleire statlege og fylkeskommunane tilskotsordningar som stiller krav om at kommunen har vedteke ein kulturminneplan og prioritert kulturminna i kommunen for at det skal løyvast tilskot til restaurering av kulturminne i kommunen. Riksantikvaren har gjeve tilskot til planarbeidet.

Kulturminneplanen inngår i kommunen sin planstrategi som vart vedtatt hausten 2012 (KS-079/12). I samsvar med planstrategien har kulturminneplanen status som temaplan. For at flest mogleg skal få høve til å koma med innspel i planprosessen, har planarbeidet i denne planen likeveld følgd prosesskrava i plan- og bygningslova som gjeld for kommunedelplanar.

I møte 14. oktober 2014 sak 062/2014 vedtok formannskapet oppstart av planarbeidet.

Planprogrammet vart vedteke i kommunestyret 29. januar 2015 i sak 009/2015.

Det har vore sett ned ei administrativ arbeidsgruppe som har hatt ansvar for gjennomføring av planarbeidet. Formannskapet har vore styringsgruppe for planen. Kulturverntenesta i Nordhordland og Hordaland fylkeskommune har bidratt med å skaffa data og kvalitetssikra opplysningar. Lag og organisasjonar og lokalkjende personar har også vore bidragsytarar og delteke på synfaringar. Arne Høyland har vore engasjert til kulturminneregistrering, og fleire frivillige har delteke med å registrera kulturminne. Planarbeidet har vore presentert for eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne, for sogelaget og frivilligsentralen i løpet av prosessen. Det har vore arrangert to opne kulturminnekveldar.

##### Målsetjingane for planen:

- leggja grunnlaget for at dei viktigaste kulturminna vert tatt vare på
- setja kulturminnevern på dagsordenen.
- skapa eit godt grunnlag for ei heilskapleg kulturminneforvaltning ved at den vert nytta i all arealplanlegging og byggesakshandsaming.
- skapa føreseielege tilhøve for eigarar av kulturminne.
- auka kunnskapen om og interessa for kulturminne.

- synleggjera potensiale for bruk av kulturminne som ressurs i samfunnsplanlegginga og til næringsføremål.
- gjennom viktige kulturminne formidla Radøy si historie på ein god måte.

I tråd med ynskje i styringsgruppa er det lagt særleg vekt på formidling, både i utforminga av planen og i tiltaksdelen i handlingsplanen.

Planutkastet har tre hovuddelar. Første del fortel om planen, planarbeidet, føringar som ligg til grunn for planen. Denne delen omhandlar også kriterium for verdisetjing og prioritering av kulturminne og om forvaltning av kulturminna i kommunen. Andre del gjev først eit kort overblikk over historia til kommunen og byggeskikken i området. Her vert også ein del viktige omgrep som vert nytta seinare i planen forklart. Vidare omhandlar denne delen ulike typar kulturminne etter tema, og ein presentasjon av dei kulturminna med høgast kulturminneverdi. Manger, som har vore administrasjonssenter i mange hundre år, er omhandla i eit eige kapittel i denne delen. Tredje del er handlingsplanen som viser korleis kommunen skal arbeida med kulturminnevern i åra framover og kva for tiltak som skal prioriterast i planperioden. Handlingsplanen skal rullerast årleg. Som vedlegg til planen er listene over dei viktigaste kulturminna. Desse listene vert kontinuerleg oppdaterte og rullerte årleg.»

Det kom inn 16 skriftlege uttalar til planen. Desse høyringsuttalane vert presenterte og vurderte i det følgjande:

#### 1. Kystverket

2. Kystverket kan ikkje sjå at planen har noko negativ innverknad på sjøverts ferdsle eller tryggleik og har ingen merknader.

#### 2. Opplysningsvesenets fond

Opplysningsvesenets fond tar til etterretning at kommunen ynskjer å leggja omsynssone for bevaring av kulturmiljø kring den gamle prestegarden. Dei peikar på at den kulturhistoriske verdien er svekka på grunn av butikkbygget like ved og noverande bruk av eigedomen med parkering framfor hovudbygget. Dei meiner det vil vera fornuftig å avgrensa omsynssona til areala mellom hovedhus og forpakterbustad.

#### Vurdering

Rådmannen er samd i at den kulturhistoriske verdien i gamle prestegarden er svekka svært mykje, og meiner at det difor er ekstra viktig å sikra det som er igjen av bygningar og uteområde. Rådmannen meiner at omsynssona bør omfatta arealet som er avgrensa av Mangersnesvegen, Radøyvegen, Coop sin eigedom og gangvegen gjennom prestegardshagen. På denne måten får ein sikra den gamle prestegarden, stabburet, steingarden mot Mangersnesvegen, tingstova og prestegardshagen.

#### 3. Fylkesmannen

Fylkesmannen har ingen merknader til planen.

#### 4. Ekaterina og Christian Irgens (eigar av 23/48)

Ekaterina og Christian Irgens er eigar av ein hytteeigedom på Forsøy. Dei er positive til at kommunen ynskjer å leggja omsynssone kring krigsminna på øya. Dei påpeikar at anlegga ikkje er sikra, og at det må difor må opplysast at all ferdsel skjer på eige ansvar. Dei skriv også at at ei omsynssone bør leggja restriksjonar på bruk av området til paintball og krigslek, og forsøpling. Vidare peikar dei på at informasjonstavle ikkje bør plasserast på kaien, då dette vil tiltrekka besøkande til ein kai som står i fare for å rasa ut. Dei legg til at det også bør setjast opp informasjonstavle i Marøy.

#### Vurdering

Rådmannen støttar innspela frå Ekaterina og Christian Irgens. Innspela vert følgd opp i samband med produksjon og oppsetjing av informasjonstavle.

#### 5. **Bjørgvin bispedømeråd**

Bjørgvin bispedømeråd påpeikar at jamvel om fylkeskommunen har fått ansvar for listeførte kyrkjer, skal biskop eller bispedømeråd ha alle saker som gjeld kyrkjene til uttale anten dei er listeførte eller ikkje. Bispnen skal også uttala seg om alle endringar på kyrkjer, uavhengig av vernestatus, og alle tiltak nærare kyrkja enn 60 meter. Bispedømerådet skal uttala seg om tiltak i omgjevnadane mellom 60 og 30 meter frå kyrkja.

#### Vurdering

Presiseringa frå Bjørgvin bispedømeråd vert tatt inn i planen.

#### 6. **Geir Håland**

Ber om at det vert stilt krav om at bygg som får rivingsløyve skal dokumenterast med bilete. Han ynskjer også at song- og musikk laga vert omtalt og at omtalen av industrihistorien, meieri og sildefabrikkar vert meir fylldig.

#### Vurdering

Det er tatt inn att alle bygg i verneklasse B og C skal dokumenterast med foto før rivingsløyve vert gjeve. Det kan i tillegg stillast krav om at bygget skal dokumenterast på annan måte i tillegg.

Det har ikkje vore eit mål at kulturminneplanen skal vera uttømmende når det gjeld historien til Radøy. Tvert i mot har ein forsøkt å avgrensa teksten til å berre dei aktivitetane som har sett spor etter seg i form av faste kulturminne. Song- og musikk laga er berre så vidt nemnd, då det ikkje er nokon faste kulturminne etter denne verksemda i kommunen.

Dei største og viktigaste næringane kunne fått ein meir fylldig omtale, men også her har det vore naudsynt å avgrensa teksten. Nokre fleire viktige verksemdar er no nemnd i kapittel 2.5. Ein fylldigare industrihistorie må likevel skrivast ein annan stad enn i kulturminneplanen.

#### 7. **Bergen og omland havnevesen**

Bergen og omland havnevesen kan ikkje sjå at planane kjem i konflikt med dei interessene dei er sett til å ivareta på dette stadiet i planarbeidet.

#### 8. **Jens-Petter Hvidsten (eigar av gnr 91/30 Apalneset på Kviste)**

Jens-Petter Hvidsten kjem med interessant informasjon om Apalneset. Han peikar også på at det er naudsynt at stien til Apalneset held god nok kvalitet til at ein kan få fram utstyr til vedlikehald av Apalneset. Han meiner også at ein skikkeleg sti til Apalneset er bra med tanke på turgåarar og folk som ynskjer å sjå husmannsplassen i Apalneset, som eigar av Apalneset er positiv til.

#### Vurdering

Det er positivt at eigar av Apalneset har tatt så godt vare på staden og at han ynskjer turgåararar og besøkande velkomen til staden. Saka som gjeld utbetring av sti vert handsama som sak av teknisk forvaltning og er ikkje relevant for kulturminneplanen.

#### 9. **Kirsten Marie Aarnæs og Kjell-Tore Aarnæs (eigar av gnr 68/10 Fargarholmen)**

Saknar meir informasjon om kva betydning verneklasse A for deira eigedom. Peikar på

at eigedomen treng rehabilitering. Ber om at kommunen skiltar fartsgrense 5 knop forbi eigedomen, då skiltet «sakte fart» ikkje vert følgt av mange båtførarar.

#### Vurdering

Rådgjevar for kultur tar kontakt med eigarar av Fargarholmen og informerer om aktuelle tilskotsordningar. Radøy kommune har delegert styresmakt etter Lov om havner og farvann til Bergen og omland havnevesen. Eigarar av Fargarholmen vil verta informert om at dei kan ta kontakt med havnevesenet om skilt i farvatnet ved eigedomen.

#### **10. Maria Torkildsen (eigar av gnr 41/6 på Birkeland)**

Maria Torkildsen er eigar av ein av eigedomane som gamlevegen over Radøy går over. Ho påpeikar at vegen alltid har vore brukt som turveg, og ynskjer at dette held fram. Eventuelle problem som oppstår som følge av at området også vert nytta som beite, ber ho om at kommunen handterer.

#### Vurdering

Det er underteikna grunneigaravtalar som gjeld bruk av gamlevegen som tursti. Kommunen har sett opp naudsynte gjerdeklyv, og om området vert tatt i bruk til beite, vil det verta sett opp skilt som ber turgåarar ta omsyn til beitedyr.

#### **11. Geir Helland (eigar av gnr 38/10 Finnmarken på Helland)**

Geir Helland ber om at det samanbygde anlegget i Finnmarken på Helland vert tatt bort som A-objekt. Han viser til at ynskjer å riva lødelen av bygget og bygga det opp igjen på ein meir føremålstenleg måte med pulttak for å få nok høgde til å koma inn med traktor og andre reiskapar. Han viser til at om reiskapshus skal byggast andre stader på eigedomen, vil dette vera langt dyrare, noko som ikkje kan forsvarast ut frå inntektene frå drifta av garden.

#### Vurdering

I dette tilfellet kjem private interesser i konflikt med kulturminneinteressene, og desse interessene må vektast opp mot ein annan. Dette kulturminnet er vurdert til å ha svært høg lokal og regional verneverdi. Kulturminneinteressene bør difor vektast høgast, og det samanbygde anlegget bør fortsatt vera i verneklasse A.

Fram til utskiftingane (perioden frå kring 1860 til 1920) var samanbygde anlegg vanlege i heile vårt område. Samanbygde anlegg kunne bestå fleire stover under same tak, eller det kunne vera løe og stove/våningshus under same tak. I dag er det berre nokre få samanbygde anlegg med våningshus og løe att i kommunen, og dette på Helland er det einaste me kjenner til som har høyrte til eit gardsbruk. Alle dei andre samanbygde anlegga i kommunen med våningshus og løe under same tak, er bygde som husmannsplassar, og skil seg såleis frå dette. Også i resten av Nordhordland er slike bygg sjeldne. Dette gjer at det er svært viktig at bygget på Helland vert tatt vare på.

Rådgjevar for kultur har saman med Arild Sætre frå kulturverntenesta i Nordhordland vore på synfaring og informert eigar om tilskotsordningar som gjeld kulturminne med høg verneverdi, og tilbode hjelp til å skriva søknader om tilskot. Eigar har også fått tilbod om hjelp frå arkitekt til å tilpassa endringar på bygget som vil gjera at det er mogleg å koma inn med traktor utan at ein øydelegg kulturminneverdiane i bygget. Eigar meiner at det ikkje er mogleg å få bygget føremålstenleg utan å riva og bygga nytt.

Det er viktig å merka seg at dersom ein riv lødelen og ynskjer å bygga nytt reiskapshus vegg i vegg er dette noko som må søkjast om. Dersom løyve vert gjeve vil det koma krav om brannskille mellom våningshus og nytt reiskapshus, noko som kan vera

kostnadskrevjande.

#### 12. **Øystein og Gina Hella Skiftesvik**

Øystein og Gina Hella Skiftesvik er eigarar av 45/320 ved Mangersvågen der det står ei sjøbu og eit naust. Dei viser til at denne delen av eigedomen er regulert til naustområde i reguleringsplan for Selfallet, og at området heller ikkje er tatt inn i det området som er sett av til spesialområde for vern i kommunedelplan for Manger 2007-2017. Området er ikkje tilgjengeleg frå naustområdet i Mangersvågen der dei andre nausta ligg, berre frå Selfallet. Dei viser til at naustet er lite autentisk og at det same til dels også gjeld sjøbua.

##### Vurdering

Området som eigar ynskjer ut av verneklasse A ligg, saman med eitt naust til i området, isolert frå dei andre nausta når det gjeld tilkomst, men med sikt rett over til dei ytste nausta i vågen på andre sida. Naturinngrep i form av sprenging for å gje plass til nye bygg og nye naust i ein heilt annan storleik og stil enn dei gamle nausta vil kunna vera skjemma for det verdifulle naustmiljøet i Mangersvågen.

Me finn det likevel rett at denne eigedomen vert tatt ut av av verneklasse A då reguleringsplanen har tatt området inn som naustområde. Me foreslår difor at omsynssona går mellom gbnr. 45/320 og gbnr. 45/6 i tråd med avgrensinga i reguleringsplanen for Selfallet. Naustet på gbnr. 45/6 vert fortsatt i verneklasse A då det er utanfor reguleringsplanen og i tillegg er eit naust med høg verneverdi på grunn av alder og autensitet.

Rådgevar kultur var saman med Arild Sætre frå kulturverntenesta i Nordhordland på synfaring på naustet og sjøbua. Naustet er, som eigarar påpeiker, lite autentisk og har såleis isolert sett nokså låg kulturminneverdi. Naustet vert difor foreslått i verneklasse C. Sjøbua er nyare, men då det er få sjøbuer att i kommunen, vurderer me at sjøbua har høgare kulturminneverdi enn naustet. Sjøbua vert difor foreslått i verneklasse B.

#### 13. **Nøtlevåg meieri**

Nøtlevåg meieri ynskjer at omsynssona vert utvida til også å omfatta isrenna, stemma, stemmegarden og stien til og frå ishuset.

##### Vurdering

Rådmannen er positiv til ei utvida omsynssone.

#### 14. **Eldrerådet**

Eldrerådet støttar kulturminneplanen slik den ligg føre.

#### 15. **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne**

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne støttar kulturminneplanen slik den ligg føre.

#### 16. **Hordaland fylkeskommune**

##### Vedtaket frå Hordaland fylkeskommune:

1. Kulturminneplan for Radøy 2017-2027, forankra i kommunen si verksemd, er eit godt grunnlag for forvaltning av kulturminna.
2. Kommunen bør legge til i retningslinene at saker som gjeld kulturminne av regional eller nasjonal interesse skal sendast til Hordaland fylkeskommune for vurdering.
3. Handlingsplanen har gode tiltak som svarer på aktuelle utfordringar i Radøy kommune.
4. Tiltak i handlingsplanen for skattefritak for prioriterte kulturminne er ein god måte for kommunen å stø opp om lokale kulturminne.
5. Det er positivt at Radøy har etablert eit kommunalt kulturminnefond og satsar på



- kulturminnefagleg rådgjeving til private eigarar.
6. Omsynssone med retningsliner og generelle føresegner som sikrar viktige kulturminne/-miljø må innarbeidast i kommuneplanen sin arealdel når den skal rullerast.

#### Vurdering

Vedaket frå Hordaland fylkeskommune vert tatt til etterretning.

Fylkeskommunen kjem også med nokre innspel i saksframlegget:

- Mange ulike vernekategoriar kan vera utfordrande å forvalta, og rår til at ein kan vurdere å slå saman kulturminne i verneklasse A og B. Enkelte typar kulturminne i klasse B som jord- og potetkjellarar og kvernhus kan kanskje handterast med spesielle retningsliner slik som for steingardar. Når kulturminneplanen vert integrert i kommuneplanen kan det utarbeidast generelle føresegner som sikrar desse kulturminnetypene.

#### Vurdering:

Rådmannen meiner at det er fornuftig å ha tre vernekategoriar – A, B og C - og ynskjer ikkje å endra dette. Klasse D er ein restkategori for bygningar som har vore vurderte, men som ikkje vert tillagt verneverdi. Dei er såleis ikkje med i planen.

Kulturminne i verneklasse B kan med fordel listast opp under kvart tema. Det er vanskelg å vurdere kva verneklasse eit omtalt kulturminne eller bilete av kulturminne har. Fylkesrådmannen rår til at informasjon om verneklasse vert lagt til under bilete.

#### Vurdering:

Listene over verneklassar skal rullerast årleg – både for å kunna fanga opp kulturminne som ikkje tidlegare er registrerte og for å kunna ta vekk objekt som av ulike årsaker har gått tapt eller som bør plasserast i ein annan verneklasse. Dersom ein skal lista alle kulturminna i verneklasse B i teksten, er det vanskelegare å gjera endringar.

Informasjon om verneklasse er lagt til på bileta i teksten.

- Fylkesrådmannen vil rå til at kommunen gjev fritak frå eigedomsskatt for kulturminne i verneklasse A og B.

#### Vurdering:

Kommunen vil vurdere fritak frå eigedomsskatt på kulturminne både i verneklasse A og B.

- Kommunen bør vurdere å leggja inn det å arrangera kurs for eigarar av kulturminne som tiltak i kulturminneplanen.

#### Vurdering:

Samarbeid med kulturverntenesta i Nordhordland om kurs og opplæring for eigarar av verneverdige kulturminne vert lagt inn som tiltak i handlingsplanen.

I tillegg til innspela som er komen i løpet av høyringsrunden, er det lagt inn to bygg i verneklasse B som ikkje var kome med i høyringsutkastet. Dette gjeld tidlegare husmannsplass i Lervik (gbnr. 58/3) og gjestgjevarbygget/krambua i Rosneset (gbnr. 147/1). Eigarar er informerte om at desse er tatt inn i verneklasse B etter høyringsrunden. Det er også gjort ein del språklege rettingar og korrigeringar av feil.

### **Konklusjon**

Kulturminneplan for Radøy kommune 2017-2027 skal identifisera og prioritera dei viktigaste

kulturminna i kommunen og leggja grunnlaget for kommunen sitt arbeid med kulturminne i planperioden. Med dei justeringar som er gjort etter høyringsrunden rår rådmannen til at Kulturminneplan for Radøy kommune 2017-2027 vert endeleg vedtatt.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kulturminneplan for Radøy kommune 2017-2027 vert vedtatt slik den ligg føre.

**Formannskapet i Radøy - 074/2017**

**FS - handsaming:**

Ordførar Jon Askeland viste til at kulturminneplanen har fått svært gode tilbakemeldingar, mellom anna i det fylkeskommunale utvalet KIRU, som har hatt planen til handsaming.

Rådgjevar kultur, Bente K. Hervik svara på spørsmål. Ho gir ei orientering om planen i kommunestyret.

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**FS - vedtak:**

Kulturminneplan for Radøy kommune 2017-2027 vert vedtatt slik den ligg føre.

**Kommunestyret i Radøy - 057/2017**

**KS - handsaming:**

Kulturrådgjevar Bente K. Hervik orienterte om kulturminneplanen, og gav kommunestyret eit innblikk i sentrale trekk i Radøy si historie gjennom 10.000 år på ti minuttar.

Leif Taule (Sp) sa at kulturminneplanen er eit flott dokument med veldig mykje god historisk kunnskap. Han oppmioda om at planen blir trykt opp i eit skrift som interesserte kan få tak i på rådhuset.

Ordførar Jon Askeland oppsummerte med å takka for den beste historietimen han har høyrte på lenge. Han overrekte ein blomebukett til kulturrådgjevaren for arbeidet med planen.

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapstilrådinga.

**KS - vedtak:**

Kulturminneplan for Radøy kommune 2017-2027 vert vedtatt slik den ligg føre.

**Vedlegg:**

Kulturminneplan - Radøy kommune 2017-2027

Uttale - Kystverket

Uttale - Opplysningsvesenets fond

Uttale - Fylkesmannen i Hordaland

Uttale - Ekaterina og Christian Irgens

Uttale - Bjørgvin bispedømmeråd

Uttale - Geir Håland

Uttale - Bergen og omland havnevesen

Uttale - Jens-Petter Hvidsten

Uttale - Nøtlevågen meieri

Uttale - Maria Torkildsen

Uttale - Kirsten Marie og Kjell-Tore Aarnæs

Uttale - Geir Helland

Uttale - Øystein og Gina Hella Skiftesvik

Uttale - eldrerådet

Kulturminneplan - høyring

Uttale - Hordaland fylkeskommune - saksframlegg

Uttale - Hordaland fylkeskommune - saksprotokoll

Kulturminneplan - høyring

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
075/2017	Formannskapet i Radøy	PS	23.11.2017
058/2017	Kommunestyret i Radøy	PS	07.12.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Mette Fauskanger	17/2030	17/12772

### Oppnemning av smittevernlege og stadfortredar

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

Utøvande smittevern er i Noreg ei kommunal oppgåve. Smittevernarbeidet er forankra i "Lov om vern mot smittsomme sykdommer» (Smittevernlova). I lova er det definert klare plikter for både kommunen, kommunestyret og kommunelegen. I beredskapsituasjonar, som truande epidemiar m.v., har kommunestyret vide fullmakter. I hastesituasjonar kan kommunelege med smittevernansvar handle på direkte vegne av kommunestyret. Radøy kommune har ein smittevernplan som omhandlar aktuelle utfordringar innan smittevern, både i normalsituasjonar og til bruk i beredskapsituasjonar. Denne planen er no under revisjon.

I saker som omhandlar smittevern skal det ligge føre direkte delegasjon frå kommunestyret til kommunelege med smittevernansvar. Ansvar er ikkje delegerast til rådmann, eller frå kommuneoverlege til øvrige legar utan kommunestyret si godkjenning. I det daglege arbeidet er formalitetane ikkje noko problem. Erfaringa er at faglege råd og rettleiing vert respektert, både av enkeltpersonar, verksemdar og institusjonar. Ein sjeldan gong kan det vere naudsynt å fatte formelle vedtak. Med tanke på klage og tvistar som kan oppstå i samband med vedtak, er det viktig at dei formelle delegasjonane er på plass.

Sentrale helsestyresmakter har som krav at smittevernansvarleg lege i kommunen skal kunne nåast til ei kvar tid. Kva dette i realiteten betyr er uklart. Samstundes er det presisert at det ikkje er lovkrav om ei formalisert vaktordning for smittevernlegar. Dersom ei vaktordning skal etablerast er det mest naturleg å etablere dette gjennom eit interkommunalt samarbeid. Dette har vore lufta regionalt, men ein har i denne omgang vald å ikkje gå vidare med det.

Den alminnelege forståinga av kommunane sitt ansvar er at smittevernlege skal kunne nåast per telefon i løpet av nokre timar, eller seinast neste kvardag, men at det ikkje er naudsynt for legen å kunne vere fysisk til stades. Dei som først og fremst vil ha behov for å nå smittevernlegen vil vere nasjonale helsestyresmakter, fylkeslegen, smittevernlegar i andre kommunar eller legevakslege/ fastlege/ sjukehuslege som får mistanke om allmennfarleg smittsom sjukdom som krev tiltak straks.

Smittevernlova krev i § 7-2 at lege med smittevernansvar vert peika ut direkte frå kommunestyret. Dei viktigaste oppgåvene for kommunen og kommunelegen er klypt inn under:

#### **"§ 7-1. Kommunens oppgaver**

*Kommunen skal sørge for at alle som bor eller midlertidig oppholder seg i kommunen med hensyn til smittsom sykdom er sikret nødvendige forebyggende tiltak, undersøkelsesmuligheter, behandling og pleie utenfor institusjon og pleie i sykehjem eller annen kommunal helseinstitusjon.*

*Kommunen skal også utføre de oppgaver innen smittevernet som pålegges i loven her eller bestemmelser i medhold av loven, herunder*

- skaffe seg oversikt over arten og omfanget av de smittsomme sykdommer som forekommer i kommunen,*
- drive opplysning om smittsomme sykdommer og gi råd og veiledning om hvordan de forebygges,*
- sørge for at individuelt forebyggende tiltak blir satt i verk,*
- sørge for at andre tiltak etter denne loven eller kommunehelsetjenesteloven blir satt i verk.*

*Tiltak og tjenester for å forebygge smittsomme sykdommer eller motvirke at de blir overført skal utgjøre et eget område i planen for kommunens helsetjeneste. Helsetjenesten i kommunen skal samarbeide med myndigheter som har oppgaver av betydning for tiltakene.*

*Kommunen skal føre tilsyn og sørge for at reglene i loven blir overholdt og at vedtak i medhold av loven blir gjennomført. Ved iverksetting av tiltak etter §§ 3-1 og 3-8 kan kommunen mot vederlag bruke og om nødvendig skade andres eiendom.*

*Kommunens myndighet etter denne lov kan delegeres etter reglene i kommuneloven, til et interkommunalt organ eller til en annen kommune. Når kommunen har delegert myndighet til en annen kommune, skal vedtak fattet av denne stadfestes av kommunen der saken har sin opprinnelse. Endret ved lov 25 juni 2004 nr. 48.*

### **§ 7-2. Kommunelegens oppgaver**

*Kommunelegen skal utføre de oppgaver innen smittevernet som pålegges i loven her. I kommuner med flere kommuneleger skal kommunestyret utpeke en av dem til å utføre disse oppgavene. Det bør også utpekes en stedfortreder for denne. I store bykommuner med bydelsforvaltning skal kommunestyret utpeke en lege til å utføre de av kommunelegenes oppgaver som angår hele kommunen eller store områder.*

*Kommunelegen skal*

- a) utarbeide forslag til plan for helsetjenestens arbeid med vern mot smittsomme sykdommer, herunder beredskapsplaner og -tiltak, og organisere og lede dette arbeidet,*
- b) ha løpende oversikt over de infeksjonsepidemiologiske forholdene i kommunen,*
- c) utarbeide forslag til forebyggende tiltak for kommunen,*
- d) bistå kommunen, helsepersonell og andre i kommunen som har oppgaver i arbeidet med vern mot smittsomme sykdommer,*
- e) gi informasjon, opplysninger og råd til befolkningen om vern mot smittsomme sykdommer,*
- f) utføre alle andre oppgaver som følger av loven eller bestemmelser i medhold av loven, og medvirke til effektive tiltak for å forebygge smittsomme sykdommer og*

*motvirke at de blir overført.*

*Departementet kan i forskrift bestemme at kommunelegen også skal ha andre oppgaver, og herunder angi det nærmere innholdet i de enkelte oppgaver.*

*Når kommunen har lagt smittevernopp gavene til et interkommunalt organ, jf. § 7-1 sjette ledd, kan kommunestyret delegerer kommunelegens myndighet etter denne lov til en eller flere leger ansatt i dette organet.” Sitat slutt*

### **Vurdering**

Kommunestyret peikar ut Tord Moltumyr som smittevernlege i Radøy kommune. Kari Færøy vert utnemnd som stadfortredar. Ved feriar, sjukdom, permisjonar m.v. skal dei to legane samarbeide slik at ein av dei alltid er tilgjengeleg på telefon for akutte smittevernsaker (samt akuttsaker innan miljøretta helsevern eller ved behov for tvangsvedtak innan psykiatri).

Tilgjengelegheit og kontaktinformasjon for smittevernlegane i Hordaland ligg på Fylkesmannen sine heimesider. Utanom arbeidstid vil Nordhordland legevakt kunne vurdere førespørslar og om det er behov for å kontakte smittevernlege i den aktuelle kommunen.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret utnemner Tord Moltumyr som smittevernlege og Kari Færøy som stadfortredande smittevernlege. Oppnemning som smittevernlege eller stadfortredar gjeld så lenge den aktuelle lege er tilsett i kommunen, eller til kommunestyret har fatta anna vedtak.

### **Formannskapet i Radøy - 075/2017**

#### **FS - handsaming:**

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

#### **FS - vedtak:**

Kommunestyret utnemner Tord Moltumyr som smittevernlege og Kari Færøy som stadfortredande smittevernlege. Oppnemning som smittevernlege eller stadfortredar gjeld så lenge den aktuelle lege er tilsett i kommunen, eller til kommunestyret har fatta anna vedtak.

### **Kommunestyret i Radøy - 058/2017**

#### **KS - handsaming:**

Ordførar Jon Askeland gjorde merksam på at utnemning av stadfortredar for smittevernlege ikkje er avklart.

#### **Han sette fram følgjande endringsframlegg:**

Kommunestyret utnemner Tord Moltumyr som smittevernlege. Oppnemning som smittevernlege gjeld så lenge den aktuelle lege er tilsett i kommunen, eller til kommunestyret har fatta anna vedtak.

Kommunestyret vedtok endringsframlegg sett fram i møtet.

#### **KS - vedtak:**

Kommunestyret utnemner Tord Moltumyr som smittevernlege. Oppnemning som smittevernlege gjeld så lenge den aktuelle lege er tilsett i kommunen, eller til kommunestyret har fatta anna vedtak.

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
059/2017	Kommunestyret i Radøy	PS	07.12.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Anne Dahle Austrheim	17/1966	17/14599

### Tilsyn med sal av tobakkevarer - gebyr for salsstader

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

Med verknad frå 21.09.2017 er det gjort endringar i forskrift til tobakkskadelova. Kommunen er pålagt å ha tilsynsansvar for dei som sel tobakksvarer. Forskrifta opnar og opp for ei kommunal avgift for å dekke kostnader med tilsynet.

Kommunane skal frå 01.01.2018 føra tilsyn med registrerte salsstader av tobakksvarer. Tilsynsplikta er ei ny registreringsordning for sal av tobakksvarer og vart vedteke i Stortinget 21.06.17, jfr. Kap 2 i Lov om vern av tobakkskader (Tobakkskadelova), <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1973-03-09-14?q=tobakkskadeloven>

Tilsynet inneber at kommunen skal føre kontroll med registrerte salsstader av tobakksvarer og tobakksurrogater som e-sigarettar og urtesnus. Tilsynet skal særleg omfatta kontroll med at slike varer ikkje vert seld til mindreårige og krav til internkontroll.

Kommunen kan krevje ei årleg tilsynsavgift frå salsstader av tobakksvarer og tobakksurogater til forbrukar på kr. 4.500,-. Frå midlertidige salstader kan ein krevje ei årleg tilsynsavgift på kr. 1.200,-, jfr. Kap 7 Avgifter § 24, i Forskrift om registrering av og tilsyn med sal av tobakksvarer, <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-09-21-1446>

Det er opp til den einskilde kommune kva sats ein vil velje opp til maksimalsummen. Vi kan og la vere å ta avgift.

#### Vurdering

##### Folkehelse

Forskrifta er til tobakkskadelova og føremålet med denne lova er skildra slik i lovteksten:

*Formålet med denne lov er å begrense de helseskader som bruk av tobakksvarer medfører gjennom å redusere forbruket og på sikt bidra til å oppnå et tobakksfritt samfunn. Videre regulerer loven tiltak for å forebygge at barn og unge begynner å bruke tobakksvarer fremme at de som allerede bruker tobakksvarer slutter og beskytte befolkningen mot eksponering for tobakksrøyk.*

Føremålet med forskrifta og kommunen si plikt til å kontrollere denne, er å begrense helseskadane av bruk av tobakk. Dette skal gjerast gjennom å sikre at omsetnaden av tobakksvarer og tobakksurrogat føregår i tråd med tobakkskadelova sine bestemmelsar. Det er særleg understreka ansvaret for å kontrollere at tobakksvarer ikkje vert seld til mindreårige.

I løpet av hausten 2017, skal alle utsalstadar registrere seg i eit sentralt register. Frå 2018 skal

kommunane kontrollere utsalstadane.

#### **Økonomi**

Det skal først tilsyn med salsstadene så ofte som behovet tilseier og kvar stad skal kontrollerast minst ein gang per år. Det skal årleg utførast minst to ganger så mange tilsyn som det er salsstader i kommunen. Ein planlegg at denne kontrollfunksjonen skal leggjast til alkoholkontrollørane for Nordhordland og Gulen.

Ved gjennomføring av kontrollar vil kommunen blant anna få utgifter til opplæring, lønn, og reiseutgifter til kontrollørane. Det er vanskeleg å få oversyn over dei faktiske kostnadane før ein har starta med tilsyn og føremålet med avgifta er at næringa sjølv skal bere kostandane med tilsynet. Rådmannen foreslår å setja avgifta til 3 000 kr i året for utsalsstader og 600 kr for mellombels salstad.

#### **Konklusjon**

Rådmannen tilrår at kommunen krev ei årleg tilsynsavgift på kr. 3.000,- for salsstader for tobakksvarer og tobakksurrogater til forbrukar.

Rådmannen tilrår at kommunen krev ei årleg tilsynsavgift på kr. 600,- for mellombelse salsstader for tobakksvarer.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Radøy kommunestyre fastset satsane for avgift for utsalsstader for tobakksvarer slik:

1. Årleg tilsynsavgift på kr. 3.000,- for salsstader for tobakksvarer og tobakksurrogater til forbrukar.
2. Årleg tilsynsavgift på kr. 600,-for mellombels salsstad for tobakksvarer

#### **Kommunestyret i Radøy - 059/2017**

##### **KS - handsaming:**

David Pletten Aasgard (KrF) reiste spørsmål om han er ugild i denne saka, ettersom han er i nær familie med nokon som driv utsal.

Kommunestyret erklærte Pletten Aasgard gild i saka.

Kommunestyret vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

##### **KS - vedtak:**

Radøy kommunestyre fastset satsane for avgift for utsalsstader for tobakksvarer slik:

1. Årleg tilsynsavgift på kr. 3.000,- for salsstader for tobakksvarer og tobakksurrogater til forbrukar.
2. Årleg tilsynsavgift på kr. 600,- for mellombels salsstad for tobakksvarer

##### **Vedlegg:**

Nytt tilsynsansvar for landets kommuner - tilsyn med stedlig..



# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
078/2017	Formannskapet i Radøy	PS	23.11.2017
060/2017	Kommunestyret i Radøy	PS	07.12.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
	17/2249	17/14031

## Utsetjing av allmenn taksering etter eigedomsskattelova

### Saksopplysingar:

#### **Bakgrunn**

Fellesnemnda for Alver kommune har 6. november handsama sak om «Framlegg til utsetjing av allmenn taksering etter eigedomsskattelova». Kommunestyret i Radøy skal handsama og gjera vedtak i saka.

#### ***Det vart gjort følgjande handsaming og vedtak i Fellesnemnda:***

#### ***Fellesnemnd – 017/17***

#### ***Rådmannen sitt framlegg til vedtak:***

*Kommunestyret vedtek at det ikkje vil bli avhalde ny allmenn taksering etter eigedomsskattelova paragraf 8 A-3 (2) før kommunesamanslåinga 1. januar 2020.*

#### ***FN – vedtak:***

*Kommunestyret vedtek at det ikkje vil bli avhalde ny allmenn taksering etter eigedomsskattelova paragraf 8 A-3 (2) før kommunesamanslåinga 1. januar 2020.*

#### **Fellesnemnda**

*Kommunane Lindås, Meland og Radøy har alle innført og skriv ut eigedomsskatt.*

*I forbindelse med den årlege budsjetthandsaminga fastset kommunestyra kvart år om det skal skrivast ut eigedomsskatt, kva skattealternativ som skal anvendast og kva skattesats som skal gjelde for det komande skatteåret, jf. eigedomsskattelova paragraf 10.*

*For skatteåret 2017 skriv Lindås kommune ut eigedomsskatt på «verk og bruk» etter eigedomsskattelova paragraf 3 c). Skattesatsen er 7 promille.*

*Meland kommune skriv ut eigedomsskatt på fast eigedom i heile kommunen etter eigedomsskattelova paragraf 3 a). Den generelle skattesatsen er 7 promille, men for bustadeigedomar, fritidseigedomar og ubygde eigedomar til bustad- og fritidsføremål, er det med heimel i eigedomsskattelova paragraf 12 vedteke ein redusert skattesats på 3,5 promille.*

*Radøy kommune skriv også ut eigedomsskatt på fast eigedom i heile kommunen etter eigedomsskattelova paragraf 3 a). Den generelle skattesatsen er 7 promille på «verk og bruk» og næringseigedomar og 3 promille på bustad og fritidseigedomar.*

*Etter intensjonsavtalen som ligg til grunn for kommunesamanslåinga, skal ikkje bustadeigedomar,*

fritidseigedomar, samt ubygdde eigedomar til bustad- og fritidsføremål svara eigedomsskatt i nye Alver kommune.

Etter hovudregelen skal det kvart tiande år vere ei allmenn taksering i kommunane. Dette følgjer av eigedomsskattelova paragraf 8 A-3 (2). Etter hovudregelen skal ny allmenn taksering avhaldast og gjerast gjeldande frå og med skatteåret 2018 i Lindås kommune og frå og med skatteåret 2019 i Meland og Radøy kommune.

Det er likevel slik at dei respektive kommunestyra kan gjere unntak frå denne hovudregelen.

Dei relevante bestemmelsene i eigedomsskattelova når det gjeld dette, er som følgjer:

- **Hovudregel** – esktl. paragraf 8 A-3 (2)  
«Det skal vere ei allmenn taksering i kommunen kvart tiande år.»
- **Unntak 1** – esktl. paragraf 8 A-3 (2) – (Utsett taksering)  
«Dersom det ligg føre særlege tilhøve, kan kommunestyret avgjere at ny taksering skal skje tidlegare eller seinare enn dette, men ikkje seinare enn tre år etter at siste allmenne taksering skulle ha skjedd.»

Utset ein ny allmenntaksering etter dette alternativet, vil det innebere at takstane står urørt i eit, to eller tre år.

- **Unntak 2** – esktl. paragraf 8 A-4 (Kontorjustering)«I staden for ny allmenn taksering kan kommunestyret gjere vedtak om auke av det verdet (taksten) som eigedommen blei sett til ved den siste allmenne takseringa for utskriving av eigedomsskatt. Auka kan skje stegvis over fleire år, men må ikkje vere meir enn 10 prosent av det opphavelige skattegrunnlaget for kvart år etter 10-årsfristen for den siste allmenne takseringa.»

Det er ingen begrensning i kor mange år på rad ein kommune kan foreta kontormessig oppjustering av takstane, men kommunen/nemnda må sørge for at ingen takstar overstig antatt omsetningsverdi i det enkelte året som takstane blir oppjustert for.

Ønskjer ikkje kommunestyret å foreta kontormessig oppjustering i det fjortande året eller påfølgande år, må nye takstar nyttast for utskriving av eigedomsskatt.

Kvar einskild kommune må i eigne budsjettvedtak avgjere om dei vil utsetje den allmenne takseringa etter eigedomsskattelova paragraf 8 A-3 (2) eller foreta kontorjustering etter eigedomsskattelova paragraf 8 A-4, jf. ovenfor.

I samband med regjeringas framlegg til statsbudsjett for 2018, er det foreslått store endringar i eigedomsskatten, særleg knytta til beskatning av «verk og bruk». Konsekvensane dersom dei foreslåtte endringane blir vedteken, vil kunne få verknad for budsjettvedtaket i den einskilde kommune.

Om det blir vedteke endringar eller i kva omfang desse vil blir gjort gjeldande, blir ikkje endeleg avklart før 15. desember 2017. Eventuelle endringar i eigedomsskattelova og endringane sine konsekvensar for takseringsarbeid i den enkelte kommune, er derfor ikkje tatt omsyn til i denne saksframstillinga.

## **Vurdering**

Kommunane Lindås, Meland og Radøy ligg alle inne med ny allmenn taksering før samanslåinga til nye Alver kommune frå 1. januar 2020.

Dei ulike kommunestyra må avgjere om deira kommune skal avhalde ny allmenn taksering i henhold til hovudregelen eller om ny allmenn taksering skal utsetjast til etter samanslåinga, jf. dei to alternativa som er vist til.

Administrasjonen meiner det er uheldig om dei einskilde kommunane kvar for seg iverkset ny allmenn taksering før samanslåinga i 2020. Det ligg betydelege fordelar i, og det er fleire gode grunner til å avvente ny allmenn taksering til etter samanslåinga.

### Skattegrunnlag/takstgrunnlag/taksator- einsretting/likebehandling

I dag har dei einskilde kommunane ulikt utskrivningsgrunnlag og ulike skattesatsar. Etter intensjonsavtalen skal ikkje bustad og fritidseigedomar og eigedom avsett til slike føremål svare eigedomsskatt i nye Alver kommune. Ein står då igjen med utskrivning av eigedomsskatt på «verk og bruk», jamvel om avtala ikkje stenger for også å skattlegge næringseigedomar. Det vil vere ein betydeleg fordel om ei ny allmenn taksering begrensar seg til å omhandle det skattegrunnlaget som skal gjelde for nye Alver kommune, sjå nedanfor.

Utset ein den allmenne taksertakseringa til etter samanslåinga, vil ikkje takseringa berre bygge på sams utskrivningsalternativ og sams skattesats, men også på felles takstvedtekter og felles retningslinjer for taksering.

Ved felles takst vil ein også ha moglegheit til å nytta ein taksator/eit taksatorfirma til taksering av skatteobjekta. Eigedomsskatten i den nye kommunen vil då bygge på eit einsretta og likt takstnivå, som igjen vil sikre likebehandling av skatteobjekta.

### Meirkostnader ved fleire allmennne takseringar

Det vil ligge ein økonomisk gevinst i å utføre ein allmenn taksering etter eit fastsatt skattealternativ i den nye kommunen.

Om kvar kommune avheld eige allmenn taksering, vil takseringane omhandle ulike utskrivingsalternativ og ein vil ha brukt betydelige resursar på å taksere skatteobjekt som ikkje er tiltenk skattlegging i den nye kommunen, slik som bustad- og fritidseigedomar og grunnareal til slike føremål.

Sjølv om det er gjeve overgangsordningar, vil ei slik løysing også innebere at det uansett må gjennomførast ei ny allmenn taksering i den nye kommunen for ei samordning.

Ei mellombels allmentaksering av den enkelte kommunen vil uansett gje begrenset økonomisk gevinst, i tillegg vil det føre til eit betydeleg antall klagesakar som dei einskilde kommunane vil måtte bruke betydelege ressurser på å behandle. Klagesakar knytt til bustad og fritidseigedom, vil då følgje ved inn i den nye kommunen sjølv om denne ikkje skattlegg bustad- og fritidseigedom.

### Auka tal klagesaker/prosessrisiko

Frå Statoil vil kommunane garantert møte omkamp ved ein ny allmenn taksering. Også andre tunge aktørar innan olje- og gassnæringa, og for så vidt andre store næringsverksemder, viser no større vilje enn tidligare til å utfordre takstgrunnlaga.

Det kan i den samanheng visast til Høgsteretts dom inntatt i HR-2017-1258-A, kor Høgsterett fastslår at den ikkje berre kan prøve gyldigheiten av takstane, men også konkret gå inn og endre takstgrunnlaget, noko som med stor sannsynlegheit vil føre til auka prosessvilje hos skatteytarane.

*Ei ny hovudtaksering vil difor med stor sikkerheit leia til omfattande klage- og rettsprosessar som vil legge band på store ressursar hos den einskilde kommune i ein periode kor fokus bør vere retta mot gjennomføring av kommunesamanslåinga, som allereie er kome i tidsskvis.*

*Det er og praktisk at denne utfordringa møtest av nye Alver kommune. På den måten unngår ein å dra med seg uavklarte rettslege prosessar frå dei einskilde kommunane inn i den nye kommunen.*

#### *Uheldige vinklingar frå media*

*Ei gjennomføring av ny allmenntaksering så tett opp mot samanslåinga vil og gje fare for uheldige vinklingar i media, noko som er lite ønskeleg.*

#### *Usikkert om gevinst*

*Det er samstundes usikkert om ei ny allmenn taksering vil gje skattemessig gevinst, særlig i høve «verk og bruk» då det for desse skal gjerast fråtrekk for slit og elde gjennom åra som har gått siden forrige allmenne taksering.*

#### *Budsjettvurderingar – kommunestyret i Alver kommune*

*Ny allmenn taksering etter samanslåinga vil gje takstar med utgangspunkt i felles takstprinsipp, samme taksator og etter eit utskrivingsalternativ og ein skattesats som er innretta etter budsjettvurderingane til det nye kommunestyret i Alver kommune.*

*Det er ein klar fordel at den nye allmenne takseringa som skal gjelde for Alver kommune bygger på det nye kommunestyret sine budsjettvurderingar.*

### **VURDERING**

Rådmannen si vurdering er at kommunestyret gjer vedtak i samsvar med vedtaket i Fellesnemnda for Alver kommune.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret vedtek at det ikkje vil bli halde ny allmenn taksering etter eigedomsskattelova paragraf 8 A-3 (2) før kommunesamanslåinga 1. januar 2020.

#### **Formannskapet i Radøy - 078/2017**

##### **FS - handsaming:**

Rådmann Jarle Landås orienterte i saka, og sa at kommunestyra i dei tre Alver-kommunane må ta stilling til om tidspunkt for taksering skal endrast/utsetjast.

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

##### **FS - vedtak:**

Kommunestyret vedtek at det ikkje vil bli halde ny allmenn taksering etter eigedomsskattelova paragraf 8 A-3 (2) før kommunesamanslåinga 1. januar 2020.

#### **Kommunestyret i Radøy - 060/2017**

##### **KS - handsaming:**

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapstilrådinga.

**KS - vedtak:**

Kommunestyret vedtek at det ikkje vil bli halde ny allmenn taksering etter eigedomsskattelova paragraf 8 A-3 (2) før kommunesamanslåinga 1. januar 2020.

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
070/2017	Formannskapet i Radøy	PS	09.11.2017
061/2017	Kommunestyret i Radøy	PS	07.12.2017
076/2017	Formannskapet i Radøy	PS	23.11.2017
022/2017	Radøy eldreråd	PS	04.12.2017
021/2017	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	04.12.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	17/1032	17/13423

## Budsjett 2018 og økonomiplan 2018-21

### Saksopplysingar:

Rådmannen legg med dette fram budsjett 2018 og økonomiplan 2018-21 til politisk handsaming. Det vedlagde dokumentet, Budsjett 2018 - Rådmannen sitt framlegg, datert 1.11.2017 inneheld alle pålagde skjema og tekst iht fastsetjing av skattøyre, låneoptak mv.

I den grad den politiske handsaminga fører til endringar i budsjettala, vert det utarbeidd ny versjon med innarbeidd endringar. Mogelege tekstlege tilleggspunkt vert tekne inn i dokumentet etter politisk handsaming.

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Budsjett 2018 og økonomiplan 2018-21 vert vedteke slik det går fram av vedlagde budsjettdokument dagsett 1.11.2017.

### Formannskapet i Radøy - 070/2017

#### FS - handsaming:

Rådmann Jarle Landås sa at administrasjonen i budsjettforslaget for 2018 så langt som mogleg har prøvd å fanga opp bestillingane frå politisk nivå. Han peika på utfordringa som i eit stramt budsjett ligg i at drifta skal oppretthaldast som godt som mogleg på veg inn i Alver kommune. Han meiner det vil vera uheldig å gjera store kutt i drifta på veg inn i ny kommune.

Økonomisjef Sveinung Kvamme sa i sin presentasjon at statleg rammetilskot og skatt aukar mindre enn pris- og lønsveksten neste år. Han peika vidare på at endra reglar for eigedomsskatt slår betydeleg ut for Radøy, først og fremst i høve til kraftliner, men også eigedomsskatt knytt til fiberanlegg og industrianlegg.

Økonomisjefen viste til at den samla veksten i budsjettrammene til drift er på 4,8 prosent, noko meir enn prisvekst og noko meir enn auken i frie inntekter tilseier. I desse tala har rådmannen lagt til grunn ei vidareføring av driftsnivået i kommunen hausten 2017 også for 2018.

Budsjettframlegget viser ein betydeleg realvekst ressursar til oppvekstsektoren. Det samla elevtalet går ned, men løyvingane til oppvekst aukar likevel med vel 6,5 prosent. Særleg blir Manger skule styrka, men også alle barnehagane og PPT får meir ressursar.

I helse og omsorg er det NAV sosial som har største auke, 8,4 prosent. Innan drift og forvaltning er

det drifta av brannvesen som får størst auke, mellom anna grunna auka kompetansekrav og utvida interkommunale samarbeid.

Økonomisjefen presenterte eit budsjettframlegg med ei samla drift på nesten 308 millionar kroner, inkludert bruk av fond. Mindreforbruket i budsjettet (overskot) vil då bli på 1,96 mill. kroner. Av mindreforbruket skriv 5,7 mill. seg frå bruk av fond. Når ein korrigerer for dette, er drifta i realiteten negativ med 3,7 mill.

Rådmannen legg opp til investeringar på nær 92 mill i 2018, noko rådmannen meiner er ekspansivt, særleg i høve til kommunen sin økonomiske situasjon. Rådmannen vurderer likevel investeringane som nødvendige for å møte ein ny situasjon frå 2020. Økonomisjefen peika på at høg grad av lånefinansiering gjer at lånegjelde vil auka monaleg, både i høve til samla omsetning og i høve til folketalet.

#### **Dei største prosjekta i 2018 er følgjande:**

- Solhall (DPS-bygget) - og kjøp og oppgradering - 21 mill.
- Avløpsprosjekt (reinseanlegg) - 18 mill
- Ny Bø barnehage, oppstart - 15 mill
- Vassprosjekt - 7,5 mill
- Kyrkja, ny varmeløysing Bø og Manger - 5 mill
- Oppgradering omsorgsbustader - 4 mill
- Austebygd, småbarnsavdeling - 3 mill

Økonomisjefen peika på at for åra 2020 og 2021 er økonomiplanen på ein måte misvisande, fordi det vil vera kommunestyret i Alver kommune som vedtek budsjettet. Likevel er økonomiplanen retningsgjevande, også i høve til Alver kommune. Fellesnemnda skal ha økonomiplanen til uttale.

#### **Viktige investeringar økonomiplan 2019-21**

- Vass- og avløpsprosjekt 39 mill
- Ny barnehage Bø, 37 mill
- Ny RIB, 36 mill
- Oppfølg bustadsosial handlingsplan, 32 mill
- Ny brannstasjon 13 mill
- Rådhus/kulturhus 10 mill
- Solhall, ytterlegare ombygging, 8 mill.

Rådmannen konstaterer at økonomiplanen er omfattande, men tek opp i seg viktige investeringar for Radøy si framtid. Han vurderer investeringane som nødvendige for å møte ein ny situasjon frå 2020. Lånegjelda aukar mykje, noko som fører til betydeleg auka rente- og avdragskostnader. Drifta må reduserast med nær 11 mill 2019 og 2020 for å få balanse i inntekter og kostnader i perioden.

Ordførar Jon Askeland rosa rådmannen for budsjettframlegget, og gav uttrykk for at rådmannen i eit stramt budsjett har følgd bestillinga frå politikarane.

Else Marie Skartveit Dale (KrF) tok opp det ho meiner er kritikkverdige bygningsmessige forhold ved helsestasjonen, mellom anna peika ho på tronge og smale lokalitetar og at det manglar vask fleire stader. Dersom det framleis skal vera helsestasjon på Manger, meiner Dale det er heilt nødvendig med oppgradering.

Rådmann Jarle Landås sa at tilhøva ved helsestasjonen ikkje er ideelle, men ikkje helsemessig uforsvarleg. Han meiner det er ei oppgåve for den nye kommunen å finna betre lokale til helsestasjonen.

Det er planen at heile Prestmarka barnehage skal inn i Solhall (tidl. DPS-bygget). Kenneth Taule Murberg (H) stilte difor spørsmål ved om det kan vera aktuelt å flytta helsestasjonen til dagens barnehagebygg. Han ønskjer å få ei enkel om det lar seg gjera om å ta i bruk dette bygget til formålet. Kommunsjef for helse og omsorg, Mette Fauskanger, svara at om helsestasjonen skal flytta, så er det ein stor fordel at legesenteret flytta med. Det er svært viktig med samlokalisering av desse tenestene.

Rådmann Jarle Landås orienterte om tilstanden på brannstasjonen og Arbeidstilsynet sine krav om utbetring. Ein konsulentrapport, som kommunen har fått gjennomført, er "knusande" i sin dom. Utfrå rapporten er brannstasjonen altfor liten og utdatert på alle moglege vis. For å tilfredsstilla Arbeidstilsynet sine krav må det setjast igang planlegging av ny brannstasjon samtidig som det må gjerast "akutt-tiltak" i dagens stasjonslokale.\*

Formannskapet gjorde ikkje noko realitetshandsaming av budsjett for 2018/økonomiplan i dette møtet.

Formannskapet held fram drøftinga i sitt neste møte, 23. november, og skal då koma koma med si budsjettinnstilling til kommunestyret.

### FS - vedtak:

Formannskapet held fram handsaminga av budsjett 2018 og økonomiplan i sitt neste møte 23. november.

## Formannskapet i Radøy - 076/2017

### FS - handsaming:

Representantar for dei ulike partia la fram sine innspel og synspunkt.

Etter nærare drøftingar vart det lagt fram felles framlegg til budsjett 2018 og økonomiplan 2018-21: Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2018 og økonomiplan 2018-21 vert vedteke med følgjande endringar:

	Auke	Reduksjon	Netto- endring	Merknad	2019	2020	2021
Driftsbudsjettet							
<b>Inntekter</b>	0	0					
Omdisp regionsentremidler	1350000	-	0	Regionsentremidlane ligg i den kommunale ramma, og skal brukast i kommunane, men visast i fellesnemnda,			
<b>Kostnader</b>							
Vakansar		210000		Vakansar i løpet av året.			
Sjukefråværetiltak	300000	0		Rådmannen får startløyving for tiltakspakke for redusert sjukefråvære, og kjem evt tilbake med politisk sak for oppfølging.			
Auka vegvedlikehald, asfalt	1000000	0		Rådmannen fullfører asfalteringsprogrammet på mindre tiltak (gangveg Austmarka må inn). I tillegg oppgradering turvegar, stiar i bustadområde			
Driftsstøtte Tjorehagen	50000	0		Jfr søknad om driftsstøtte,	50000	50000	50000



				Tjorehagen bør også verta vigselstad.
Auke kulturmidlane	40000	0		Aukast til kr 400.000,-
Auka kulturdagane	30000	0		Til ymse arr.
Til drift musikk- og idrettsrådet	20000	0		Førebuing Alver kommune, møter mm
Til 17.mai-nemndene	50000			Adm utarbeider retningslinjer for tildeling
Auke turstiltiretlegging	30000			Material til klopper mm
Kommunal støtte til private kulturminnetiltak	40000			Fersk kulturminneplan må ha midlar til oppfølging. Avkasting på kulturminnefondet så låg at det trengst ekstra løyving
	210000	210000	0	
Investeringsbudsjettet				
Uteområde Hordabø skule		300000		
Trafikksikring, tiltak i Radøyhallen,	0	200000		
Brukarstyrt heis terapiassenget				
Mindre investeringar teknisk drift		500000		Utstyrspakke iflg liste frå 2017. Invest.
Investeringsbudsjettet vert finansiert frå kapitalfond.			1000000	
	0	1000000	0	

Det vart også sett fram følgjande fellesframlegg til verbalpunkt i budsjett 2018.:

- Kommunestyret ber rådmannen prioritera ny bakre stolrekkje på tribuna i Radøyhallen, og elles melda tilbake til formannskapet på nødvendige vidare tiltak i og rundt Radøyhallen.
- Kommunestyret ber rådmannen utgreia oppgradering av lokale i helsestasjonen.
- Kommunestyret ber rådmannen om å styrkja og systematisera tilbodet om avlastingstilbodet for heimebuande eldre og andre brukargrupper.
- Kommunestyret ber rådmannen oppgradera venterommet på helsehuset, og gjera det «lunare».
- Kommunestyret ber om at samla plan for kommunale bygg i Manger vert aktivt følgt opp i formannskapet i 2018.
- Kommunestyret understrekar viljen til at planstrategien vert følgt aktivt opp, og at prioriterte planar vert ferdigstilte i 2018 og 2019.
- Belysning gangveg Austmarka og Trævegen (vert å utføra innan TS-tiltaka).

Framlegg til vedtak sett fram i møte vart samrøystes vedteke.

**FS - vedtak:**

Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2018 og økonomiplan 2018-21 vert vedteke med følgjande endringar:

	Auke	Reduksjon	Netto- endring	Merknad	2019	2020	2021
Driftsbudsjettet							
<b>Inntekter</b>	0	0					
Omdisp regionsentermidlar	1350000	-	0	Regionsentermidlane ligg i den kommunale ramma, og skal brukast i kommunane, men visast i fellesnemnda,			
<b>Kostnader</b>							
Vakansar		210000		Vakansar i løpet av året.			
Sjukefråværetiltak	300000	0		Rådmannen får startløyving for tiltakspakke for redusert sjukefråvære, og kjem evt tilbake med politisk sak for oppfølging.			
Auka vegvedlikehald, asfalt	1000000	0		Rådmannen fullfører asfalteringsprogrammet på mindre tiltak (gangveg Austmarka må inn). I tillegg oppgradering turvegar, stiar i bustadområde			
Driftsstøtte Tjorehagen	50000	0		Jfr søknad om driftsstøtte, Tjorehagen bør også verta vigselfstad.	50000	50000	50000
Auke kulturmidlane	40000	0		Aukast til kr 400.000,-			
Auka kulturdagane	30000	0		Til ymse arr.			
Til drift musikk- og idrettsrådet	20000	0		Førebuing Alver kommune, møter mm			
Til 17.mai-nemndene	50000			Adm utarbeider retningslinjer for tildeling			
Auke turstiltiretlegging	30000			Material til klopper mm			
Kommunal støtte til private kulturminnetiltak	40000			Fersk kulturminneplan må ha midlar til oppfølging. Avkasting på kulturminnefondet så låg at det trengst ekstra løyving			
	210000	210000	0				
<b>Investeringsbudsjettet</b>							
Uteområde Hordabø skule		300000					
Trafikksikring, tiltak i Radøyhallen,	0	200000					
Brukarstyrt heis							

terapibassenget				
Mindre investeringar teknisk drift		500000		Utstyrsapakke iflg liste frå 2017. Invest.
Investeringsbudsjettet vert finansiert frå kapitalfond.			1000000	
	0	1000000	0	

### Verbalpunkt til budsjett 2018

Kommunestyret ber rådmannen prioritera ny bakre stolrekkje på tribuna i Radøyhallen, og elles melda tilbake til formannskapet på nødvendige vidare tiltak i og rundt Radøyhallen.

- Kommunestyret ber rådmannen utgreia oppgradering av lokale i helsestasjonen.
- Kommunestyret ber rådmannen om å styrkja og systematisera tilbodet om avlastingstilbodet for heimebuande eldre og andre brukargrupper.
- Kommunestyret ber rådmannen oppgradera venterommet på helsehuset, og gjera det «lunare».
- Kommunestyret ber om at samla plan for kommunale bygg i Manger vert aktivt følgt opp i formannskapet i 2018.
- Kommunestyret understrekar viljen til at planstrategien vert følgt aktivt opp, og at prioriterte planar vert ferdigstilte i 2018 og 2019.
- Belysning gangveg Austmarka og Trævegen (vert å utføra innan TS-tiltaka).

### Kommunestyret i Radøy - 061/2017

#### KS - handsaming:

Økonomisjef Sveinung Kvamme orienterte om budsjett 2018 og økonomiplan. Han peika på at den samla veksten i budsjetttrammene til drifta er på 5 prosent, altså noko meir enn prisvekst, og noko meir enn auken i frie inntekter tilseier. I rådmannen sitt framlegg er det lagt til grunn ei vidareføring av driftsnivået i kommunen hausten 2017. Økonomisjefen peika på at mellom anna som følge av omdisponering av regionsentertilskot, har formannskapet kunna auka løyvingane på nokre område.

Økonomisjefen sa at oppvekst kan kallast ein budsjettvinnar. Det samla elevtalet i skulane går ned. Løyvingane til oppvekst aukar likevel med 6,52%, altså ein betydeleg realvekst. Den samla ramma for helse og omsorg aukar med om lag 3,35%. NAV sosial har den største auken, 8,4%. Den samla ramma for drift og forvaltning aukar med 10,5%, brannvernet har størst auke, 18,3%. Det har samanheng med utvida interkommunale samarbeid og auka kompetansekrav.

Økonomisjefen viste til at budsjettet legg opp til eit mindreforbruk på 1,96 mill. Av mindreforbruket skriv 6,1 mill seg frå bruk av fond, bundne og ubundne. Korrigerer ein for dette, er drifta i realiteten negativ med 4,1 mill.

Før debatten hadde leiaren i Radøy idrettsråd ordet. Bjørn Ove Myking. sa at han er tilfreds med formannskapet sin auke i løyvingar til idrett og kulturføremål.

Ordførar Jon Askeland peika på at formannskapet denne gongen har lagt fram eit felles framlegg til budsjett og økonomiplan.

Gruppeleiarane i kvart parti fekk inntil fire minuttar taletid til sine hovudinnlegg. Deretter opna ordføraren for innlegg på inntil tre minuttar taletid for øvrige innlegg i budsjettdebatten.

Rekkjefølgje for gruppeleiar-innlegga vart gjort ved loddtrekning; Agnes Hoshovde Bernes (V), Leif

Taule (Sp), Arild Tveranger (uavh.), David Pletten Aasgard (KrF), Jostein Borlaug (Ap), Kenneth Taule Murberg (H). Gruppeleiarane gav rådmannen ros for eit godt budsjett, og for å ha følgd opp politiske signal.

Kommunestyret og Frp godkjende at Arild Tveranger (uavh.) held gruppeleiar-innlegget for Frp.

I tillegg hadde følgjande innlegg i budsjettdebatten; Sara Hamre Sekkingstad (SP), Normann Sæbø (H), Morgan Taule (Ap), Kirsti G. Floen (Ap), May Britt V. Gjerde (Sp), Dag Sætre (Sp) Anne Berit Bø Palmesen (Sp).

Agnes Hoshovde Bernes (V) sette fram følgjande tilleggsframlegg:

Det vert løyvd 500 000 kr til prosjektering av utbygging til permanent Manger skule for økonomiplanen 2018 til 2021.

Hoshovde Bernes trekte seinare tilleggsframlegget.

Ho sette i staden fram følgjande framlegg som verbalpunkt i budsjettet:

Arbeidet med å planleggja utbygging av Manger skule hastar grunna aukande elevtal. Det bør derfor koma inn eit punkt om dette i kommuneplanen for Manger.

Leif Taule (Sp) sette fram følgjande fellesframlegg frå Sp, Ap og KrF som verbalpunkt i budsjettet:

Kommunestyret støttar rådmannen si styrking av plankapasiteten, og understrekar at produksjon og ferdigstilling av sentrale planar i planstrategien har høgste forventningsfokus i kommunestyret.

Leif Taule sette også fram følgjande fellesframlegg frå Sp, Ap og KrF som nytt verbalpunkt:

Kommunestyret føreset at landbrukskontoret vert fullt bemanna snarast råd.

Morgan Taule (Ap) sette fram følgjande fellesframlegg frå Sp, Ap, KrF, H, Frp og V som verbalpunkt i budsjettet:

I mange ulukkestilhøve veit vi at kvart minutt er svært viktig for om mogleg redna liv og helse. Det er difor svært viktig at vakhavande befall i brannvernet har bil med seg heim, med eit minimum av førstehjelpsutstyr (hjarstartar m.m.), som såleis kan koma raskt på plass, medan ein ventar på brannbil med mannskap. Radøy manglar i dag «first responderbil».

Kommunestyret ber om at det snarast vert sett på dagens ordning. Formannskapet får fullmakt til å gjera vedtak i saka med inndecking av eventuell investering.

Normann Sæbø (H) sette fram følgjande framlegg til verbalpunkt:

Radøy Høgre vil fremja forslag om at rådmannen finn midlar i budsjettet for 2018 til kjøp av tilstrekkelege ressursar i samband med gjennomføring av planstrategi, slik at den kan verta handsama seinast i løpet av 2018. Slike ressursar bør vera på plass og i drift i løpet av Q1 2018 - seinast Q2.

### **Avrøysting**

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapet sitt framlagde budsjett for 2018 og økonomiplan 2018-2021, med tilleggs punkt sett fram og vedteke i møtet.

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapet sine verbalpunkt - minus det nest siste punktet om planstrategi.

Formannskapet sitt framlegg til følgjande verbalpunkt; *Kommunestyret understrekar viljen til at planstrategien vert følgd aktivt opp, og at prioriterte planar vert ferdigstilte i 2018 og 2019, fekk 0 røyster og fall.*

Kommunestyret vedtok samrøystes fellesframlegget frå Sp, Ap og KrF til verbalpunkt om styrking av

planarbeidet.

Kommunestyret vedtok samrøystes Normann Sæbø (H) sitt framlegg til verbalpunkt om planarbeid/planstrategi.

Kommunestyret vedtok samrøystes Agnes Hoshovde Bernes (V) sitt framlegg til verbalpunkt om Manger skule.

Kommunestyret vedtok samrøystes fellesframlegget frå Sp, Ap og KrF til verbalpunkt om bemanning av felles landbrukskontor.

Kommunestyret vedtok samrøystes fellesframlegget frå Sp, Ap, KrF, H, Frp og V til verbalpunkt om "first responder-bil" til brannvernet,

### **KS - vedtak:**

Kommunestyret vedtek formannskapet sitt framlagde budsjett for 2018 og økonomiplan med tilleggspunkt vedteke i møtet.

### Verbalpunkt til budsjett 2018:

- Kommunestyret ber rådmannen prioritera ny bakre stolrekkje på tribuna i Radøyhallen, og elles melda tilbake til formannskapet på nødvendige vidare tiltak i og rundt Radøyhallen.
- Kommunestyret ber rådmannen utgreia oppgradering av lokale i helsestasjonen.
- Kommunestyret ber rådmannen om å styrkja og systematisera tilbodet om avlastingstilbodet for heimebuande eldre og andre brukargrupper.
- Kommunestyret ber rådmannen oppgradera venterommet på helsehuset, og gjera det «lunare».
- Kommunestyret ber om at samla plan for kommunale bygg i Manger vert aktivt følgt opp i formannskapet i 2018.
- Kommunestyret støttar rådmannen si styrkjing av plankapasiteten, og understrekar at produksjon og ferdigstilling av sentrale planar i planstrategien har høgste forventningsfokus i kommunestyret.
- Kommunestyret ber rådmannen finna midlar i budsjettet for 2018 til kjøp av tilstrekkelege ressursar i samband med gjennomføring av planstrategi, slik at den kan verta handsama seinast i løpet av 2018. Slike ressursar bør vera på plass og i drift i løpet av Q1 2018 - seinast Q2.
- Arbeidet med å planleggja utbygging av Manger skule hastar grunna aukande elevtal. Det bør derfor koma inn eit punkt om dette i kommuneplanen for Manger.
- I mange ulukkestilhøve veit vi at kvart minutt er svært viktig for om mogleg redda liv og helse. Det er difor svært viktig at vakthavande befal i brannvernet har bil med seg heim, med eit minimum av førstehjelpsutstyr (hjartestartar m.m.), som såleis kan koma raskt på plass, medan ein ventar på brannbil med mannskap. Radøy manglar i dag «first responderbil».  
Kommunestyret ber om at det snarast vert sett på dagens ordning. Formannskapet får fullmakt til å gjera vedtak i saka med inndecking av eventuell investering.
- Belysning gangveg Austmarka og Trævegen (vert å utføra innan TS-tiltaka).
- Kommunestyret føreset at landbrukskontoret vert fullt bemanna snarast råd.

**Vedlegg:**

Budsjett 2018 rådmannen sitt framlegg\_\_

Budsjett 2018 - innspel frå råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Innspel frå Eldrerådet til budsjett 2018

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
062/2017	Kommunestyret i Radøy	PS	07.12.2017

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	17/2354	17/15391

### Vest brann- og redningsregion - ny drøfting

#### Saksopplysingar:

Ordførar Jon Askeland melder opp sak om ny drøfting av Vest brann- og redningsregion i kommunestyret. Saka var lagt fram som melding til kommunestyret, for mogleg oppfølging som vedtakssak som neste steg. Ordføraren ser behovet for å få ei avklaring i saka før årsskiftet, og i følge Kommunelova er det berre kommunestyret som kan endra eige vedtak. Difor blir saka meldt opp som ekstrasak til kommunestyret.

Kommunestyret i Radøy gjorde i møte 26. oktober 2017 (sak 50/2017) følgjande vedtak:

1. Radøy kommune inngår som medlem i Vest brann- og redningsregion
2. Radøy kommune sluttar seg til vedtektene for samarbeidet
3. Ordføraren er Radøy kommune sin årsmøtorepresentant for gjeldande kommunevalperiode
4. Radøy kommune gir Bergensalliansen fullmakt til å velja eit interimsstyre for Vest brann- og redningsregion som skal fungera inntil ordinært styre vert valt av det første ordinære årsmøtet
5. Melding om vedtak vert sendt sekretariatet til Bergensalliansen
6. Første driftsåret vert det lagt til grunn at budsjettet skal vera på fem millionar kroner. Dei to neste driftsåra skal budsjettet berre justerast for pris- og lønsvekst
7. Den økonomiske konsekvensen av å tre inn i samarbeidet vil bli handtert i arbeidet med årsbudsjett og økonomiplan 2018 – 2021.

Det vart lagt fram felles administrativt framlegg til vedtak til politisk handsaming i både Lindås, Meland og Radøy, der det vart tilrådd at dei tre Alver-kommunane inngår som medlem i Vest brann- og redningsregion.

Lindås kommunestyre gjekk samrøystes i mot å sluita seg til brannsamarbeidet:

#### **KO - 095/17 VEDTAK:**

1. Lindås kommune ynskjer ikkje å bli medlem i Vest brann- og redningsregion. Kommunestyret ser ikkje at samarbeidet tilfører noko nytt som ikkje allereie er sikra gjennom eksisterande samarbeid.
2. Kommunestyret ynskjer å ha fokus på utvikling av brann og beredskap i Nordhordland og inn i ny kommune.

Meland kommunestyre sa også nei til å gå inn i brannsamarbeidet. Meland kommune er med i felles brannvern med Lindås og Modalen.

#### **KS - 105/2017 VEDTAK:**

Meland kommune har ikkje høve til å delta i Vest brann- og redning på det noverande tidspunkt. Vi ber om at saka blir drøfta i Fellesnemnda med tanke på at nye Alver kommune kan ha ei tilknytning til brannsamarbeidet også fram til 2020 (t.d. observatørstatus).

Etter at Lindås og Meland har sagt nei til å vera med i Vest brann- og redningsregion, har rådmannen

i samarbeid med ordfører funne det naudsynt å leggja fram saka til drøfting på nytt.

Formannskapet i Radøy gjorde i sak 077/2017 følgjande vedtak:

*Radøy kommune har ikkje høve til å delta i Vest brann- og redning på det noverande tidspunkt. Formannskapet ber om at saka blir drøfta i Fellesnemnda med tanke på at nye Alver kommune kan ha ei tilknytning til brannsam arbeidet også fram til 2020 (t.d. observatørstatus). Vedtaket blir lagt fram for kommunestyret som melding.*

### **Kommunestyret i Radøy - 062/2017**

#### **KS - handsaming:**

Ordfører Jon Askeland sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Radøy kommune har ikkje høve til å delta i Vest brann- og redning på det noverande tidspunkt. Kommunestyret ber om at saka blir drøfta i Fellesnemnda med tanke på at nye Alver kommune kan ha ei tilknytning til brannsam arbeidet også fram til 2020 (t.d. observatørstatus).

Kommunestyret vedtok samrøystes framlegg til vedtak sett fram i møtet.

#### **KS - vedtak:**

Radøy kommune har ikkje høve til å delta i Vest brann- og redning på det noverande tidspunkt. Kommunestyret ber om at saka blir drøfta i Fellesnemnda med tanke på at nye Alver kommune kan ha ei tilknytning til brannsam arbeidet også fram til 2020 (t.d. observatørstatus).